



# Bystyreprogram for Oslo Høgre 2019–2023

**Vi trur på Oslo**



# Bystyreprogram for Oslo Høgre 2019–2023

Vedteke på Oslo Høgres årsmøte 26. januar 2019.

Takk til Oslo Mållag for omsetjing av programmet til nynorsk.

## Innhald

Kjære veljar.....	3
1. Kunnskap i skulen og gode oppvekstmiljø .....	4
Språkkunnskap er nøkkelen til læring og inkludering .....	4
Gode og trygge læringsmiljø både på skulen og heime .....	4
Ein ny sjanse .....	5
Barnehage og skule i verdsklasse .....	6
Barnehagar for læring og leik .....	6
Oslo-skulen skal gi alle gode sjansar .....	6
Vidaregåande læring for framtida.....	8
Eit løft for yrkesfaga .....	9
Bruk av digital teknologi.....	9
Dugande lærarar og skuleleiarar .....	10
Universitetsbyen Oslo .....	11
2. Ein by som inkluderer alle .....	12
Eit inkluderande oppvekstmiljø.....	12
Inkluderande fritids- og aktivitetstilbod.....	12
Inkludering gjennom språk, arbeid og kompetanse.....	13
Ein mangfoldig og inkluderande by .....	15
3. Tryggleik for hjelp når du treng det.....	15
Kvalitet og valfridom i eldreomsorga .....	15
Aktivitet, måltidsglede og fellesskap.....	16
Betre helsehjelp.....	16
Høve til å bu heime lenger .....	18
Sjukeheimar for framtida og nye, trygge buformer .....	18
Omsorg ved livets slutt.....	19
Valfridom i eldreomsorga gir betre tilbod.....	19
Folkehelse, førebygging og rehabilitering .....	20
Rus og psykisk helse .....	21
Ei verdig rusomsorg.....	21

Psykiatri og psykisk helse .....	21
Ung helse.....	22
Barnevernet.....	22
Personar med nedsett funksjonsevne.....	23
4. Betre kollektivtrafikk og miljøvennleg byutvikling .....	24
Kollektivtrafikk og vegutbygging .....	24
Sykkelbyen Oslo.....	27
Trygg ferdsel for fotgjengarar .....	27
Ein aktiv klima- og miljøpolitikk.....	28
Lokale utslepp .....	28
Avfallshandtering .....	28
Rein byluft .....	29
Miljø og biologisk mangfald .....	29
Blågrøne Oslo .....	30
Framtidsretta byutvikling og trivelege bumiljø .....	31
Gode lokale bumiljø .....	31
Ein by for alle.....	32
Levande bysentrum.....	33
Historiske Oslo.....	33
Trygge og inkluderande byrom .....	34
5. Handel, næringsliv og turisme.....	34
6. Opplevingsbyen Oslo .....	35
Oslo som kulturby .....	35
Auka kunst- og kulturtilbod til barn og unge.....	36
Idrettsbyen .....	36
Frivillig arbeid .....	37
7. Smart by .....	37
Digitale Oslo .....	38
Kommunen som tenesteytar og oppdragsgivars.....	38
Kommunen som arbeidsgivar.....	39

*Høgre vil føre ein konservativ framstegspolitikk, bygd på det kristne kulturgrunnlaget, rettsstaten og folkestyret, for å fremme personleg fridom og sosialt ansvar, medbestemming og eigedomssrett og eit forpliktande nasjonalt og internasjonalt samarbeid.*

Høgres formålsparagraf

## Kjære veljar

Oslo er byen for alle oss som bur, ferdast eller jobbar her. Oslo er kommunen vår, det er byen vår, og det er heimen vår. Oslo er menneska, det er mangfaldet, og det er sjanske. Det er dei unge, dei eldste og dei midt imellom.

Vi vil at Oslo skal vere ein by det er godt å bu og leve i, same kvar i byen ein bur. Vi vil løyse utfordringane i byen saman med innbyggjarane. Derfor vil vi i dei neste fire åra prioritere **kunnskap i skulen og gode oppvekstmiljø, betre kollektivtrafikk, kvalitet og valfridom i omsorga og ein by som inkluderer alle.**

Den viktigaste oppgåva vår er å sikre trygge oppvekstmiljø for alle barn i byen vår. Oslo-skulen skal medverke til at alle elevar kan verkeleggjere draumane og ambisjonane sine uavhengig av bustad eller bakgrunn. Dei neste åra vil vi gjennomføre ei norsksatsing i Oslo-barnehagen, slik at alle barn kan norsk før dei begynner på skulen. Ingen elevar skal gå ut av grunnskulen utan å kunne lese, skrive og rekne skikkeleg.

Oslo skal vere byen med gode framtidsutsikter for alle som har heimstaden sin i Oslo, anten dei er fødde her eller har flytta hit frå andre stader i landet eller verda. Oslo Høgre vil fornye introduksjonsprogrammet i Oslo, slik at norskopplæringa blir meir praksisretta og fleire kan kombinere jobb og opplæring. Språk og kompetanse er nøkkelen til å kunne delta både i arbeidslivet og i samfunnslivet.

Oslo Høgre vil føre ein politikk som set mennesket og ikkje systemet i sentrum, anten ein er elev, pasient, brukar eller passasjer. Vi har trua på at folk sjølv gjer dei beste vala for seg og familien sin, anten det gjeld barnehage, skule, eldreomsorg eller anna. Vi ønskjer meir valfridom og auka kvalitet i omsorgstilboda. Dei neste åra vil vi reformere eldreomsorga i Oslo, med særleg satsing på betre mat, tilbod om aktivitetar og fellesskap, og god og riktig helsehjelp når ein treng det. Vi vil organisere heimetenesta på ein annan måte, slik at dei eldre får hjelpe av mindre, faste helseteam med dugande tilsette som dei kjenner og er trygge på.

Vi ønskjer alle eit triveleg bumiljø med rein luft og eit grønt preg. Oslo Høgre foreslår konkrete tiltak for å redusere klimagassutsleppa i hovudstaden. Vårt mål er at Oslo innan 2030 skal redusere klimagassutsleppa med 95 prosent frå 1990-nivået. På kollektivfeltet ønskjer vi å styrke tilbodet for å sikre at alle kjem seg miljøvennleg, raskt og effektivt fram. Samtidig er det viktig både for næringslivet og for folk i byen at Oslo ikkje blir heilt stengd for bilar. Det må framleis vere mogleg å nytte bil i Oslo for dei som treng det.

I dette programmet legg vi fram Oslo Høgres løysingar for ein endå betre by. Vi er stolte av Oslo, og saman kan vi skape ein framtidsby som omfamar nye idear og sögjer for at alle har gode sjansar.

## 1. Kunnskap i skulen og gode oppvekstmiljø

Den viktigaste oppgåva vår er å sikre gode og trygge oppvekstvilkår for alle barn og unge i byen vår. Barn skal gjennom oppveksten ha høve til å utvikle seg og tilegne seg kunnskap og dugleikar som er nødvendige for å meistre eige liv og kunne delta i arbeid og i sosiale fellesskap. Gjennom ein god barnehage og skule skal alle elevar kunne verkeleggjere draumane og ambisjonane sine, uavhengig av bustad eller sosial bakgrunn. I Oslo Høgre er vi opptekne av at alle barnehagar skal ha eit godt pedagogisk tilbod, og ingen barn skal gå ut av grunnskulen utan å kunne lese, skrive og rekne.

### Språkkunnskap er nøkkelen til læring og inkludering

Norsk er fellesspråket vårt på skulen, i arbeidslivet og i nærmiljøet. Uavhengig av kvar ein kjem frå i verda, er det norske språket ein av dei tinga som knyter oss alle saman. Å lære seg norsk er nøkkelen til å kunne lykkast i samfunnet og følgje draumane sine.

I dag er det altfor mange barn som begynner på skulen utan gode nok norskkunnskapar til å kunne følgje undervisninga. Dersom ein heng etter allereie i første klasse er det store sjansar for at ein òg blir hengande etter seinare i skuleløpet. For å sikre ein best mogleg skulegang for alle barn, og for å hindre fråfall og utanforskap, vil Høgre satse på tidleg innsats og ha ei særskild språksatsing i Oslo-barnehagen. Alle barn skal kunne norsk før dei begynner på skulen.

Oslo Høgre vil

- setje inn målretta tiltak i barnehagar som har mange barn med svake norskdugleikar, blant anna ved å etablere eit ambulerande språkteam med spesialistar innan språkutvikling
- kartlegge barns språkutvikling før skulestart og styrke norskopplæringa til barna som treng det, sikre at skulen har tilgang til denne informasjonen ved skulestart
- gi tilbod om sommarskule for barn som hamnar under kritisk grense i norsk før skulestart
- ha eit rettleiingsteam med erfarne lærarar som hjelper skulane med språkutvikling og begynnaropplæring
- stille krav om at alle tilsette i barnehagane, skulen og aktivitetsskulen (AKS), inkludert vikarar, har gode nok norskdugleikar
- etablere ei plikt for tilsette med dårlege norskdugleikar til å ta relevant etterutdanning i regi av kommunen
- gi tilbod til nyttilsette barnehagelærarar om eit 50 timars ekstra utdanningskurs med fokus på språkutvikling og leiing, etter modell av introduksjonskurset for nyttilsette i Oslo-skulen
- legge til rette for at foreldredrivne eller frivillige organisasjonar kan drive morsmålsundervisning i samarbeid med aktivitetsskulen (AKS)

### Gode og trygge læringsmiljø både på skulen og heime

Kommunen og skulen skal medverke med dei verkemidla som trengst for å gi alle barn og unge ein god start i livet. Samtidig må vi stille tydelege krav til foreldre eller føresette om at dei har hovudansvaret for oppsedinga av barna sine.

Foreldra er både rollemodellar og rettleiarar for barna sine i oppveksten. Dersom foreldre åleine ikkje maktar å fylle denne rolla, må skulen og andre instansar gi tettare oppfølging i heimen og byggje eit lag rundt barna.

Dei små fellesskapa er viktige for at barn skal kjenne tryggleik og tilhørsle i oppveksten. Samtidig vil Oslo Høgre kjempe mot alle former for negativ sosial kontroll som avgrensar fridommen til barn og unge.

#### Oslo Høgre vil

- sikre eit godt skule–heim-samarbeid, blant anna ved å innføre krav til skulane om å gi skriftleg halvårvurdering til elevar og føresette
- dra på heimebesøk til foreldre som gong på gong ikkje kjem til foreldremøte og utviklingssamtalar på skulen. Der det er nødvendig, bør besøket skje i samarbeid med minoritetsrådgivarar eller andre som snakkar morsmålet til foreldra
- gi tilbod om foreldrerettleiing ved fleire skular og barnehagar og i introduksjonsprogrammet
- sikre at alle elevar får delta i aktivitetar i regi av skulen, som leirskule, symjing, ekskursjonar og gymnastikk, uavhengig av økonomisk, kulturell eller religiøs bakgrunn
- ikkje tillate kjønnsdelt undervisning av kulturelle eller religiøse årsaker
- at barnevernet skal varslast dersom foreldre held barna borte frå skulen eller på andre måtar ikkje oppfyller opplæringsplikta
- at fleire skular har eigne fadderordningar der frivillige kan vere fadder for familiar som treng informasjon om, og forståing av, det norske skulesystemet
- at det skal vere mange nok minoritetsrådgivarar i Oslo-skulen, og dei skal drive opplæring av dei andre yrkesgruppene på skulen og legge vekt på skule–heim-samarbeid

#### Ein ny sjanse

Dei fleste elevar i Oslo-skulen opplever ein motiverande skulekvardag der dei trivst og lærer. Men det er framleis altfor mange elevar som fell frå undervegs i skuleløpet. Det viktigaste vi gjer for å hindre fråfall, er å setje inn innsatsen så tidleg som råd og gi kvar enkelt elev tilpassa oppfølging. Elevar som fell ut av skulen, skal få ein ny sjanse til å komme seg inn i eit alternativt løp i skulen, inn i arbeid eller i ei anna form for arbeidsretta aktivitet. Å stille krav til barn og unge om deltaking og aktivitet er å bry seg.

#### Oslo Høgre vil

- gi fleire elevar som fell ut av skulen, eit eige tilbod om alternativt skule- og oppfølgingsløp, anten på heiltid eller på deltid
- at elevar som ikkje har faglege føresettader for å klare overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande, skal få tilbod om eit intensivt undervisningsopplegg i basisfag gjennom tiande klasse og i sommarferien
- innføre eit tilbod om eit ekstra førebuande skuleår for å hjelpe elevar til å vere betre førebusse til vidaregåande skule
- at elevar som treng det, får tilbod om eit forsterka individualisert undervisningsopplegg i grunnleggjande dugleikar det første året på vidaregåande
- søkje nærmare samarbeid med frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar for å etablere fleire tilbod til ungdom med svake faglege og sosiale dugleikar

## Barnehage og skule i verdklasse

### Barnehagar for læring og leik

Barnehagane er viktige for språkutviklinga og for samspelet med andre barn og vaksne, og som ei førebuing til skulestart i trygge rammer prega av mest mogleg leik, lærelyst og læringsglede. I dag er det for store kvalitetsforskjellar mellom barnehagane, og altfor mange barn begynner på skulen utan å kunne godt nok norsk. For Høgre er det viktig at alle barnehagar har eit godt pedagogisk tilbod, og at barna får utvikla potensialet sitt på best mogleg måte.

Barnehagen er – og skal vere – eit frivillig tilbod. Samtidig er det viktig å leggje til rette for at alle barn får sjansen til å gå i barnehage. Oslo Høgre ønskjer at fleire foreldre skal nytte barnehageplass for barna sine, særleg i dei bydelane som har lågast prosentdel barn i barnehage.

Det er ein verdi at vi har eit variert tilbod av barnehagar med ulike profilar – både ideelle, private og kommunale. Oslo Høgre er for at private og ideelle aktørar, i tillegg til dei kommunale, får drive gode barnehagar som foreldre og barn er nøgde med. Det viktigaste for Oslo Høgre er at barnehagane har god kvalitet, ikkje kven som eig dei.

Då Høgre styrte Oslo, utvikla Oslo-skulen seg til å bli Noregs beste skule. Den neste store satsinga vår er å gjere Oslo-barnehagen til Noregs beste barnehage. Ved systematisk å satse på språkutvikling og læring gjennom leik skal Oslo-barnehagen evne å løfte alle barn uavhengig av bakgrunn.

### Oslo Høgre vil

- at familiar med låg inntekt skal få gratis kjernetid i barnehagen, uavhengig av kvar dei bur i byen
- tilsetje og utdanne fleire pedagogar i Oslo-barnehagen, med det mål at halvparten av dei tilsette i barnehagen skal ha pedagogisk kompetanse
- gjennomføre ei omfattande oppussing av kommunale barnehagar for å sikre eit triveleg lærings- og leikemiljø for barna
- forbetra dei kommunale nettsidene som gir informasjon om kvaliteten i barnehagane
- utvide ordninga med Lesefrø, eit språkopplæringstiltak i samarbeid mellom Deichman og bydelane
- greie ut behovet for meir fleksible opningstider i barnehagane
- sikre at foreldreundersøkingane synleggjer resultata i både offentlege og private barnehagar
- styrke barnehagelærarutdanninga ved å etablere fleire utdanningsbarnehagar i Oslo: barnehagar som samarbeider tett med både høgare utdanningsinstitusjonar, forskrarar og studentar som er ute i praksis
- sikre eit godt og uavhengig tilsyn med kvaliteten i barnehagane
- at styrarar og pedagogiske leiatar i Oslo-barnehagen skal få tilbod om ei eiga leiingsutdanning
- arbeide for god kjønnsbalanse blant tilsette i Oslo-barnehagen
- utvikle eit tilbod om kompetanseheving på arbeidsplassen for ufaglærte barnehagemedarbeidarar, med høve til kvalifisering

### Oslo-skulen skal gi alle gode sjansar

Oslo-skulen skal medverke til at alle elevar skal kunne verkeleggjere draumane og ambisjonane sine uavhengig av bustad og sosial bakgrunn. Oslo Høgres mål er at ingen barn skal gå ut av grunnskulen utan å kunne lese, skrive og rekne. Det krev ei større vektlegging av grunnleggjande dugleikar og djuplæring i dei ulike faga i skulen.

Sidan alle barn er forskjellige, må skulen skape læringsglede og meistring gjennom ein variert og aktiv skulekvardag. Det er særleg viktig at overgangen mellom barnehage og skule blir betre, og at dei yngste barna opplever ein skule som er tilpassa dei og behova deira.

For å gi barna ein best mogleg skulegang må vi våge å prioritere i skulen. Høgre vil bruke meir tid på basisfaga norsk, matematikk, engelsk og naturfag. Samtidig må elevar som treng ekstra hjelp dei første åra, få støtte og hjelp så tidleg som råd. Om vi skal vere i stand til å hjelpe dei elevane som treng det mest, må vi ha kunnskap om korleis det står til på kvar enkelt skule. Dugleikane til elevane må kartleggjast tidleg i skuleløpet, slik at ein kan setje inn ekstra ressursar og tiltak på dei skulane som har størst utfordringar.

For å sikre kunnskap og læring i grunnskulen vil Oslo Høgre

- auke ressursane til skular med størst utfordringar, utan at andre skular får uforsvarleg låge økonomiske rammer. Alle elevar skal få tilpassa opplæring og likeverdig undervisning
- lette overgangen frå barnehage til skule, ved blant anna å leggje til rette for meir praktisk og variert undervisning for dei yngste barna
- leggje betre til rette for utsett skulestart for barn som treng det, og styrkje forkunnskapane barna har ved skulestart. Barn som får utsett skulestart, skal ha obligatorisk barnehageplass
- innføre ei ekstra satsing på basisfag (norsk, matematikk, engelsk, naturfag) i Oslo-skulen
- innføre rett til nivåval i basisfaga norsk, engelsk og matematikk frå 5. klasse, slik at elevane i kortare periodar kan velje nivå på undervisninga i samråd med læraren
- styrkje symjeopplæringa i skulen og prioritere nødvendige ressursar for å nå målet om bestått dugleiksprøve i 4. klasse
- setje inn ressursar til spesialundervisning og ekstraundervisning så tidleg som råd i skuleløpet. Individuelt tilpassa opplæring skal hovudsakleg skje i klassemiljøet
- reformere spesialundervisninga i Oslo ved å sikre at fleire med spesialpedagogisk kompetanse arbeider ved skulane. Fleire skular skal ha eit ressursteam som jobbar saman om spesialundervisning
- at Oslo skal ha eigne realfagssatsingar i Oslo-skulen og Oslo-barnehagen
- leggje til rette for etablering av fleire internasjonale skuletilbod med IB-program i grunnskulen
- delta i forskingsprosjektet Storby-PISA, for å kunne samanlikne med og lære av andre storbyar i Europa

Ungdomsskulen skal motivere og engasjere elevar til å fordjupe seg i faga og oppdage kva interesser og ambisjonar dei har. For at alle skal kunne delta aktivt i eit samfunn i rask endring, må skulen gjere elevane i stand til å tenkje kritisk, kreativt og sjølvstendig. Oslo Høgre er uroleg for at motivasjonen og læringa til elevar i Oslo går nedover på ungdomsskulen i dag, og at fråværet er for høgt. Det bør derfor gjennomførast ei eiga ungdomsskulesatsing for å betre motivasjonen og læringsutbyttet til elevane.

For å sikre kunnskap og læring i ungdomsskulen vil Oslo Høgre

- etablere fleire profilskular på ungdomsseget, slik at ungdomsskuletilbodet blir meir mangfaldig, og slik at elevar på ungdomsseget kan fordjupe seg på ulike område
- innføre ei fråværsgrønse på ungdomsskulen som stiller krav til oppmøte, men som ikkje går på kostnad av den retten til opplæring elevane har
- sikre at fleire ungdomsskular har praktisk handverksfag som valfag
- leggje til rette for forserte løp, slik at fleire elevar får høve til å forsere enkeltfag eller skuleår
- stramme inn på dagens praksis slik at færre elevar med rett til spesialundervisning får fritak i enkelte fag, og heller gi dei tilpassa undervisning med krav om vurdering
- tilby meir hospitering og aktivitet i bedrifter for nye elevar på minoritetsopplæringa i Oslo

- styrke seksualundervisninga i Oslo-skulen og leggje sterkare vektlegging av grensesetjing, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk og positive aspekt ved eigen seksualitet. Seksualundervisninga kan for eksempel gjennomførast av eit lærarteam med ansvar for fleire skular, etter modell av samarbeidet med Sex og samfunn

## Vidaregåande læring for framtida

Oslo Høgre har som mål at ni av ti elevar skal fullføre vidaregåande opplæring. At fleire fullfører vidaregåande skule, er viktig både for samfunnet og for den enkelte. Vidaregåande opplæring skal framleis vere eit frivillig tilbod, samtidig som skulen skal stille tydelege krav og ha forventningar til både oppmøte og innsats.

Oslo Høgre ønskjer eit inntakssystem til vidaregåande skule som sikrar at elevane sjølv kan søkje seg til den skulen dei ønskjer. Ordninga med fritt skuleval er ikkje perfekt, men tidlegare erfaring frå bustadbasert opptak viser at det hindrar elevar i å søkje seg vekk frå nærskulane. Oslo Høgre ønskjer framleis fritt skuleval for å sikre sosial mobilitet og eit rettferdig opptakssystem for elevane. Samtidig er det nødvendig å gjere endringar i finansieringsmodellen slik at alle vidaregåande skular får forsvarlege og føreseielege rammer.

Oslo Høgre vil

- føre vidare fritt skuleval for å jamne ut sosiale forskjellar og hindre at framtidsutsiktene til elevar blir avgrensa av kvar dei bur
- gjere endringar i finansieringsmodellen for å sikre forsvarlege og føreseielege rammer for alle skular
- gjere avtalar med arbeids- og næringslivet for å gi fleire elevar høve til arbeidspraksis i løpet av vidaregåande skule
- at det skal vere mogleg for elevar på vidaregåande skule å ta fag på høgare utdanningsinstitusjonar
- utvikle eit eige talentprogram for elevar innan matematikk, naturfag og andre realfag, etter modell frå samarbeidet med Vitensenteret
- opprette e-sportlinje på ein vidaregåande skule
- satse på entreprenørskap i skulen gjennom blant anna elevbedrifter og arbeidspraksis
- samlokalisere vidaregåande skular med forskingsmiljø og arbeidsliv der det er naturlig, etter modell frå Ullern og Kuben vidaregåande skule
- leggje til rette for å etablere fleire internasjonale skular i Oslo
- setje i gang eit forsøksprosjekt med valfritt sidemål i vidaregåande skule
- halde på fråværsgrensa i vidaregåande skule
- leggje eksamen på vidaregåande før 17. mai
- tilby frivillig undervisning i helgane og etter skuletid for elevar som av ulike grunnar må ha utsett prøve eller eksamen, særleg innanfor fellesfaga på yrkesfaglege linjer
- gjennomgå reglementet for bortvising og innføre ei aktivitetsplikt for elevar som blir viste bort
- elevar i vidaregåande skule skal få høve til å følgje forelesingsseriar på universitet eller høgskule i eigna fag. Slike forserte løp skal ikkje hindre elevane i å ha valfag

## Eit løft for yrkesfaga

Oslo treng fleire dugande fagarbeidarar i både privat og offentleg sektor. Oslo Høgre ønskjer å styrke yrkesfaga og stimulere til at fleire vel yrkesfag, og at fleire fullfører og består. Vi vil jobbe for fleire lærlingplassar, meir praksisnær undervisning og fleire tilpassa utdanningsløp.

Fagleg sterke yrkesfaglærarar kan utgjere ein stor forskjell. For å gjere undervisninga meir arbeidslivsrelevant for elevane er det nødvendig at fleire yrkesfaglærarar får etter- og vidareutdanning. Oslo Høgre ønskjer at fleire yrkesfagelevar kan utvikle sine eigne idear og etablere eigne bedrifter, og vil derfor tilby entreprenørskap som ein del av undervisninga.

### Oslo Høgre vil

- styrke rådgivingstenesta og karriererettleiinga slik at elevar i ungdomsskulen får god kjennskap til yrkesfaga og kva framtidsutsikter dei gir i arbeidslivet
- etablere fleire samarbeidsavtalar og utvekslingsprogram mellom skular og arbeidsliv, slik at alle elevar får tilbod om praksisnær undervisning
- gi yrkesfagelevar høve til å spesialisere seg tidlegare i skuleløpet og gjere undervisninga i fellesfaga meir yrkesretta og praksisnær
- stille krav om at fleire kommunale verksemder må ta inn lærlingar
- sikre at elevar får opplæring med oppdatert og kvalitetssikra utstyr
- satse på hospiteringsordninga for yrkesfaglærarar og «lektor 2»-ordninga, som gir fagpersonar i arbeidslivet høve til å undervise i skulen
- halde fram med å utvikle fleire YSK-løp i vidaregåande skule, der elevane både får fagbrev og generell studiekompetanse, for eksempel innan byggfag og helsefag
- innføre eit kommunalt lærlingtilskot for enkelte fagområde, slik at fleire elevar får lærlingplass
- differensiere det kommunale lærlingtilskotet, slik at bedrifter som ønskjer å forplikte seg til å ta imot lærlingar over fleire år, får meir i tilskot
- motarbeide fråfall på påbyggslinja ved å ha eit forsøksprosjekt med karakterkrav for å gå frå yrkesfag til påbygg. Dersom ein har under karakteren 3 i fellesfaga, må ein ta påbygg over to år
- sjå på om det er mogleg å gi yrkesfagelevar eit utdanningsløp som resulterer i eit fagbrev på engelsk, etter modell frå IB-linja
- leggje til rette for at fleire elevar tør å ta utradisjonelle utdanningsval, for å styrke kjønnsbalansen på ulike studieretningar
- sørge for at fleire yrkesfagelevar får tilbod om opplæring innan økonomi og entreprenørskap
- styrke studiekvaliteten i fagskulane, blant anna gjennom å gi fleire fagskulelærarar kompetansepåfyll, etablere fleire etter- og vidareutdanningsprogram og få eit tettare samarbeid med arbeids- og næringsliv
- innføre anonymiserte søknader til lærlingplassar, i første omgang i kommunale verksemder
- gi tilbod om praksis for lærlingar i vg3

## Bruk av digital teknologi

Skulen skal medverke til at elevane evnar å handtere og gripe moglegitene i eit gjennomdigitalisert samfunn. Både kritisk tenking, djuplæring og digital kompetanse er avgjerande når det gjeld omstilling. Oslo Høgre trur at digitale hjelpemiddel i undervisninga kan medverke til å auke nyfikna, læringa og læringsgleda til elevane. Samtidig er det viktig at skulen har ei heilskapleg tilnærming til barns digitale kvardag og alltid vurderer kva som er dei beste vala for at elevane skal lære meir. Det er omsynet til elevane si læring og meistring som må drive fram digitaliseringa, ikkje omvendt.

### Oslo Høgre vil

- at alle elevar på grunnskulen skal ha fått innføring i programmering, i samarbeid med ideelle og private aktørar – for eksempel gjennom programmet «lær kidsa koding»
- innføre programfag i programmering på fleire vidaregåande skular og gjennomføre kurs for lærarar i desse faga
- ha fleire forsøk med bruk av ny teknologi i undervisninga, for eksempel bruk av VR-briller
- heve kompetansen til lærarane i bruk av digital teknologi, ha eit eige rettleiarteam for bruk av læringsteknologi i Oslo-skulen som hjelper enkelskular med tett oppfølging
- modernisere og forenkle IKT-systema i skulen for å frigjere tid for lærarane og skulane
- redusere distraksjonen i undervisninga ved å innføre felles reglar som avgrensar utanomfagleg bruk av mobiltelefon og andre digitale verktøy i timen
- utdanne fleire lærarspesialistar i IKT. Dette er lærarar som fordjupar seg ekstra i bruk av digitale verktøy

### Dugande lærarar og skuleleiarar

Oslo-skulen har mange fagleg sterke, engasjerte og motiverte lærarar og leiarar som jobbar kvar dag for å gi elevane den kunnskapen dei treng. Læraren er den enkeltfaktoren som har størst innverknad på kva elevane lærer. Oslo Høgre vil gi fleire lærarar høve til etter- og vidareutdanning, og utdanne fleire lærarspesialistar som fordjupar seg endå meir i eit fag. Vi vil tilsetje fleire lærarar, særleg på småskulestega og på skular med ekstra utfordringar. Å investere i læraren er å investere i framtida til elevane.

Å bygge ein betre skule er eit lagarbeid. Derfor må lærarar og skuleleiarar få høve og tid til å samarbeide i faglege fellesskap, dele kunnskap og gi tilbakemeldingar til kvarandre. Ein kunnskapsskule føreset at lærarane og skuleleiarane finn gode løysingar saman, og at dei bruker informasjon om elevresultat og læringsmiljø til å setje inn nødvendige tiltak.

Gode profesjonsfellesskap med tydeleg leiing og verdsetjing av kompetansen til lærarane er nødvendig for at det skal vere attraktivt å undervise i Oslo-skulen. Målet til Oslo Høgre er derfor at alle skuleleiarar i Oslo skal ha fordjuping innan leiing. Oslo Høgre vil halde fram kampen mot unødvendige tidstjuvar i skulen, slik at lærarane har tid til å prioritere det aller viktigaste, nemleg tilpassa opplæring for kvar enkelt elev.

Oslo Høgre vil

- sikre at alle elevar får undervisning av fagleg oppdaterte lærarar, ved å gi fleire lærarar etter- og vidareutdanning
- sikre gode faglege fellesskap på skulane, blant anna ved å tilby fleire karrierevegar for lærarane og utdanne fleire lærarspesialistar i Oslo-skulen, for eksempel innanfor begynnarpoplæring
- tilby vidareutdanning til fleire lærarar i begynnarpoplæring. Målet er at fleire lærarar i Oslo-skulen skal bli spesialistar i lese- og skriveopplæring for dei yngste barna
- tilsetje fleire lærarar og særleg prioritere fleire lærarar til dei yngste barna og på skular med særskilde utfordringar
- gi lærarar lønnsinsentiv dersom dei underviser på skular med rekrutteringsutfordringar eller særskilt svake resultat over tid
- at nyutdanna lærarar skal ha tilgang til profesjonell rettleiing på skulane, ha ei eiga mentorordning for nyutdanna lærarar for å halde på dei i skulen
- føre vidare og styrke «Teach First»-programmet for å rekruttere dugande, nyutdanna realistar til å bli lærarar i realfag, utvikle konseptet for fleire fagområde, slik at fleire med fagbasert mastergrad kan kombinere praktisk-pedagogisk studium med utvida undervisningsjobb
- sikre at fleire lærarstudentar får praksis i Oslo-skulen, ved å etablere fleire universitetsskular

- at alle rektarar i Oslo-skulen skal ha fordjuping innan skuleleiing
- redusere tidstjuvane i skulen slik at lærarar og skuleleiarar kan bruke tid på undervisning og utvikling av pedagogisk praksis

## Universitetsbyen Oslo

Oslo Høgre vil fremme Oslo som ein attraktiv universitetsby der universiteta, næringslivet og kommunen samarbeider tettare. Oslo kan for eksempel inngå konkrete samarbeidsavtalar med universiteta og næringslivet innan helse og velferd, oppvekst og utdanning, innovasjon og omstilling, byutvikling og smart by, etter modell av universitetsskulane og universitetsbarnehagane. Målet er at institusjonane i kommunen skal vere forsøkslaboratorium for nye idear og tenestedesign. Det vil komme alle innbyggjarane i Oslo til gode, og det vil gjere Oslo til ein meir attraktiv arbeidsgivar og samfunnsutviklar.

For at Oslo skal bli leiande på forsking og innovasjon, ønskjer vi å etablere eigne innovasjonsdistrikt der ein samlokaliserer byens kunnskapsinstitusjonar, studentbustader og næringsliv. Hovinbyen, Blindern, Gaustad, Marienlyst og Nydalen er eksempel på område som kan brukast til å utvikle slike sterke kunnskapsklyngjer. Oslo Høgre vil sikre eit tett samspele mellom kommunen, akademia og etablert og nytt næringsliv.

Oslo er ein svært populær studentby, og fleire av landets beste utdanningsinstitusjonar ligg i byen vår. Oslo skal vere ein god og attraktiv by å studere i, og vi vil leggje til rette for det blant anna gjennom studentvennleg kollektivtransport, eit rikt kulturliv og eit godt og moderne tenestetilbod.

Oslo Høgre vil

- styrke kommunens tenestetilbod ved å etablere universitetsbyen Oslo.
- utvikle innovasjons- og kunnskapsklyngjer i byen med utgangspunkt i område med potensial for tett samspele mellom akademia og næringsliv
- styrke inkubatorar som Forskingsparken, der ein kan dra nytte av ulike kunnskapsmiljø
- leggje til rette for at det blir bygd fleire studentbustader, helst nær kollektivknutepunkt
- sikre eit godt samarbeid mellom kommune og studentsamskipnad for å fremme god psykisk og fysisk helse blant studentane
- utvide kollektivtilboden til studentbyane og innføre hyppigare avgangar på nattbussane
- leggje til rette for at studentane kan etablere ein samlingsstad i sentrum

## 2. Ein by som inkluderer alle

Oslo skal vere ein by med gode framtidsutsikter for alle som har Oslo som sin heim, anten dei er fødde her eller har flytta hit frå andre stader i landet eller verda. Dei fleste menneske har eit sterkt ønske om å delta i samfunnet, meistre eigen kvar dag og ta ansvar for seg sjølv og dei nærmaste. Alle menneske i byen vår skal få leve livet sitt fritt, utan å oppleve mobbing, diskriminering, utanforskap eller negativ sosial kontroll. Det skal vere nulltoleranse for diskriminering i kommunen. Tenestetilbod og kulturtildod må leggjast til rette slik at alle kan ha glede og nytte av dei.

### Eit inkluderande oppvekstmiljø

Oslo skal vere ein by det er godt å vekse opp i same kvar i byen ein bur. Dei siste åra har det vore ein urovekkjande auke i ungdomskriminalitet, som skaper utryggleik for den enkelte, på skulane og i lokalmiljøet. Oslo Høgre meiner kommunen må gjere meir for å motarbeide fråfall frå skulen og rekruttering til ungdomskriminalitet. Etatar, bydelar og skular må ha tett samarbeid med politiet for å følgje opp barn og unge i risikosona og reagere raskt mot unge lovbytarar som gjer alvorleg og gjenteken kriminalitet.

Dei aller fleste elevar trivst på skulen og føler seg trygge. Men det er framleis altfor mange elevar som går til skulen med ein klump i magen og opplever utestengning og mobbing. Det er viktig at barn får venner, blir inkluderte og sett. Oslo Høgre vil setje inn målretta tiltak på dei skulane som har høge mobbetal, og ha nulltoleranse for vald, mobbing, diskriminering og negativ sosial kontroll i skulen.

Oslo Høgre vil

- prioritere tiltak mot mobbing og sikre ei god implementering av regelverk med nulltoleranse
- tilby kompetanseheving til lærarar og leiarar i korleis ein skal avdekke, førebyggje og handtere mobbing, og setje inn målretta tiltak på dei enkeltskulane som har høge mobbetal i blant anna Elevundersøkinga
- sikre at det blir etablert ei fadderordning for unge som er utsette for negativ sosial kontroll i Oslo
- etablere eit tverrfagleg oppfølgingsprogram i samarbeid mellom skule, barnevern og helsetenestene i Oslo for barn som har komme heim etter ein lengre periode i utlandet
- intensivere arbeidet mot vald i nære relasjonar. Oslo Høgre vil styrke Stovner-politiets «prosjekt november» mot vald i nære relasjonar og vurdere dette innført i fleire bydelar
- ha nulltoleranse for narkotikasal og anna kriminell verksemd på skuleområdet. Den enkelte skulen må, innanfor definerte rammer, sjølv kunne avgjere førebyggjande tiltak som for eksempel tilsetjing av fleire miljørarbeidarar, bruk av tryggleikskamera og tilkomstkontroll
- bruke eit utval av reaksjonar som ungdomsstraff med tett oppfølging, samfunnsstraff og ei strengare form for straff for gjengangarar som ikkje viser vilje til endring

### Inkluderande fritids- og aktivitetstilbod

Skulen og heimen er dei viktigaste arenaene for oppvekst, læring og inkludering i samfunnet for barn og unge. I tillegg er det viktig at barn og unge har trygge og gode rammer også etter skuletid.

Kommunen må satse på brukarmedverknad og kompetanse for å heve kvaliteten på fritidstilboda. Oslo kommune skal søkje nærmare samarbeid med ideelle og frivillige organisasjonar som jobbar aktivt med inkludering, utdanning og fritidsaktivitetar. Oslo Høgre ønskjer å satse vidare på sommaraktivitetar for barn og unge.

Oslo Høgre vil

- at familiar med lågare inntekt skal få gratis eller sterkt reduserte satsar på aktivitetsskulen (AKS), uavhengig av kvar i byen dei bur

- ha minstekrav til kvaliteten på AKS-tilbodet og meir læringsstøttande innhald for å sikre eit meir likeverdig AKS-tilbod i heile byen
- setje inn kompetansehevande tiltak for tilsette i AKS. Kursa skal vere praktisk retta og leggje vekt på språk
- utvide opningstidene på ungdoms- og fritidsklubar og sørge for at tilboden har god kvalitet og når ut til dei ungdommene som treng det mest. Tilboden må utviklast i samråd med dei unge
- sørge for at barn frå låginntektsfamiliar får dekt medlemskap og aktivitetsavgift til ein fritidsaktivitet. Alle barn skal ha høve til å delta i minst éin organisert fritidsaktivitet
- leggje betre til rette for eigenorganiserte fritidsaktivitetar (for eksempel skating, gatebasket o.l.)
- gi barn og unge eit meir variert fritidstilbod gjennom å etablere leikeparkar med fokus på realfag for barn og unge, som eit ledd i å realisere Høgres satsing på læring gjennom leik
- at det blir etablert fleire utlånnssentralar der barn og unge kan låne tur- og friluftsutstyr, for eksempel ski, skøyter, snowboard og syklar
- oppfordre bydelane til å tilby sommarjobb til ungdom. Dette bør skje i samarbeid med næringslivet og frivillig sektor

### Inkludering gjennom språk, arbeid og kompetanse

Alle menneske er forskjellige, og mange som kjem til Oslo, har svært ulike utgangspunkt.

Integreringstiltaka må derfor tilpassast den enkelte og vere meir fleksible. Kunnskap i norsk språk og arbeidslivserfaring er dei to viktigaste faktorane for god integrering, og kommunen skal leggje best mogleg til rette for dette. Det må stillast tydelege krav til den enkelte om å fullføre introduksjonsprogram og norskopplæring, men òg om å integrere seg i byen vår gjennom arbeid eller vidare utdanning.

Trygge foreldre gir trygge barn. Det er derfor viktig å styrke nykomne flyktninger og innvandrarar i foreldrerolla i eit nytt land og rettleie foreldre til å forstå og respektere norske lover, normer og verdiar, blant anna når det gjeld barns rettar.

I dag er det for store kvalitetsforskellar mellom introduksjonsprogramma i dei ulike bydelane. For at alle nykomne flyktninger eller innvandrarar skal kunne integrere seg på ein god måte i byen vår, er det behov for å fornye introduksjonsprogrammet og norskopplæringa. Introduksjonsprogrammet må i endå større grad enn i dag gjennomførast i nært samarbeid med arbeidslivet, slik at så mange som råd får erfaringar frå ein norsk arbeidsplass som del av introduksjonsprogrammet. Deltakarane må få ei grundig kartlegging av kompetansen sin og tilbod om individualiserte «hurtigspor», slik at dei raskare kjem i jobb. Norskopplæringa skal styrkast med det mål at Oslo kommune skal tilby verdas beste opplæring i norsk for vaksne.

For å sikre at alle blir integrerte i samfunnet vårt gjennom språk og arbeid, vil Oslo Høgre

- fornye introduksjonsprogrammet i Oslo, blant anna ved å gi fleire høve til å ta fagbrev og vidaregående opplæring som del av programmet og introdusere eigne resultatmål for det. Norskopplæringa skal vere praktisk retta og sjåast i samanheng med anna opplæring eller arbeid som deltakarane har
- kople introduksjonsstønaden og andre ytingar opp mot gjennomføring av introduksjonsprogrammet
- kartleggje kompetansen og språkdugleikane til nykomne flyktninger og innvandrarar raskare, og gi dei som har relevant kompetanse, høve til å delta på eit «hurtigspor» inn i arbeidslivet
- samarbeide med nasjonale fagmiljø for å utvikle og forbetra norskopplæringa, blant anna med fagmiljø for språkteknologi og datastøtta språklæring

- teste effekten av norskopplæringa, både undervegs og ved avslutninga av introduksjonsprogrammet, offentleggjere resultata og samanlikne dei med andre norskopplæringstiltak for vaksne
- inkludere innvandrarar frå land utanfor EØS-området som kjem på familiesameining, i introduksjonsprogrammet
- støtte frivillige som har gode og fleksible språkopplæringstilbod, særleg dei som rettar seg inn mot grupper som ikkje har krav på norskopplæring
- gi fleire med svake norskdugleikar opplæring på arbeidsplassen, for eksempel gjennom Kompetansepluss-ordninga
- setje i gang eit forsøksprosjekt der ein stiller krav om at større bedrifter må ha språkpraksisplassar for å vinne kommunale anbod
- utvide tilbod som Helsfyr-modellen til å gjelde fleire fagområde. Modellen er skreddarsydde løp som gir vaksne innvandrarar høve til å ta fagopplæring og norskopplæring samtidig som dei er lærlingar i arbeidslivet
- at Oslo kommune, for å inkludere nykomne flyktningar raskare i arbeidslivet, skal gå føre ved å ta i bruk både real- og formalkompetanse og vere ein pådriver for gode system for å godkjenne utanlandsk utdanning og kompetanse
- sikre betre oppfølging av barn av nykomne flyktningar som begynner rett i ordinær undervisning i 1. og 2. klasse på barneskulen
- gi tilbod om foreldrerettleiing ved fleire skular og barnehagar og i introduksjonsprogrammet
- innføre tverrfagleg team som skal styrke aktivitetstilbodet til elevar med kort butid i Noreg, både på skular med mottaksklasser og på Bredtvet vidaregåande skule. Teamet skal skreddarsy aktivitetssopplegg, gjerne i samarbeid med næringsliv og sosiale entreprenørar
- sikre at mottaksklasser blir inkluderte i skolemiljøet, og at mottakselevar har friminutt og aktivitetar saman med dei andre elevane

Også for borgarar som har budd heile eller store delar av livet i Noreg, er kompetanse nøkkelen til å kunne delta i arbeidslivet og samfunnslivet. For mange er mangel på kvalifikasjonar og opplæring eit hinder for å komme ut i arbeid. Høgre vil styrke kvaliteten på vaksenopplæringa. Det er viktig at det finst tilbod om yrkesretta opplæring, slik at fleire kan få høve til å delta i arbeidslivet.

For å gi fleire ein sjanse til å komme ut i jobb vil Oslo Høgre

- stille krav om at alle nyttilsette i vaksenopplæringa har fordjuping i faget dei underviser i
- gjere det lettare for kommunalt tilsette utan fagkompetanse å ta fagbrev på deltid på arbeidsplassen («fagbrev på jobb»)
- innføre eit eige kvalitetsvurderingssystem for vaksenopplæringa i Oslo, slik at kommunen kan setje inn målretta tiltak for å forbetre kvaliteten på undervisninga
- tilby elevar på vaksenopplæringa kurs i kortare modular, slik at fleire kan ta utdanning mens dei er i arbeid. Elevar skal ha høve til å variere mellom læring i klasserom og læring på ein arbeidsplass
- fjerne aldersgrensa for aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar
- at Oslo kommune søker staten om å få ansvaret for kontantstøtte, slik at kontantstøtta i Oslo kan gjerast om til ei ventestøtte for eittåringar som ikkje har fått barnehageplass
- gi foreldre som nyttar seg av gratis kjernetid i barnehagen, men ikkje er i arbeid eller utdanning, tilbod om aktivitet eller norskopplæring mens barna er i barnehagen

## **Ein mangfaldig og inkluderande by**

Oslo er ein by rik på mangfald. Alle i byen vår skal føle seg inkluderte og tekne vare på, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn, etnisitet, religion eller livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet eller funksjonsnivå. Det må leggjast til rette for at alle kan delta på fellesarenaer som barnehage, skule, arbeidsplass og frivillige organisasjonar.

Oslo Høgre vil

- aktivt støtte antimobbearbeid og krevje nulltoleranse for mobbing, diskriminering og trakkassering i skule og på oppvekstarenaer
- følgje opp arbeid mot hattringar og hatkriminalitet
- føre vidare OXLO – Oslo Extra Large, Oslo kommunes mangfalds- og integreringsarbeid
- sikre god og oppdatert kompetanse innan LHBTIQ-relaterte tema og utfordringar gjennom jamlege tilbod om kurs for tilsette i barnehage, grunnskule, skulehelseteneste og andre førstelinjetenester som møter barn og unge
- gjennomgå Oslo kommunes etiske retningslinjer og varslingsrutinar for å sikre ei mest mogleg objektiv og tillitvekkjande ordning

## **3. Tryggleik for hjelp når ein treng det**

Oslo skal vere ein trygg by å bu og leve i same kva livsfase ein er i. Menneske som slit eller fell utanfor, skal få tilbod om hjelp til å komme i ein stabil livssituasjon der dei er i stand til å ta vare på seg sjølv og delta i fellesskapet. Vi som bur i Oslo, skal alltid vere trygge på at vi får nødvendig helsehjelp og oppfølging når vi treng det.

Utgangspunktet for Høgres politikk er omsynet til og omsorga for enkeltmennesket. Derfor vil vi sikre at det er brukaren, ikkje systemet, som står i sentrum for helse- og omsorgstenestene. Menneske er forskjellige og har forskjellige behov. Brukarmedverknad må derfor stå sentralt i kommunens dialog med innbyggjarane. Behandlingsapparatet må byggjast opp rundt dette, og brukarane må få oppleve at dei har reell medbestemming over eige liv og avgjerder som skal takast om dei.

Oslo Høgre ønskjer alle aktørar velkomne som vil vere med på å skape gode og mangfaldige tenester til innbyggjarane i byen, både kommunale, private og ideelle aktørar.

## **Kvalitet og valfridom i eldreomsorga**

Dei fleste eldre i Oslo lever eit godt liv. Dei er aktive og deltek i sosiale fellesskap, og dei medverkar med sine ressursar i jobb og for familie og venner. Oslo Høgre vil planleggje og utvikle nærmiljø og lokalsamfunn der eldre får høve til å vere verdifulle bidragsytarar, delta og vere sjølvhjelpte. Det skal for eksempel bli enklare for eldre å bruke kollektivtilbod, delta på kultur- og aktivitetstilbod og medverke lenger på arbeidsplassen og i frivillig arbeid, dersom dei ønskjer det.

Med ei aukande eldrebefolking framover vil det òg bli fleire eldre som har behov for helse- og omsorgstenester. Mange av dei lid av fleire sjukdommar samtidig og har komplekse og avanserte behov. Oslo Høgre vil at eldre som treng helsehjelp, skal ha eit godt og trygt tilbod, anten det er i eigen heim eller i sjukeheim.

For å sikre at eldre har tryggleik i kvardagen, god livskvalitet og hjelp til det som er aller viktigast for dei, vil Oslo Høgre gjennomføre ei eldrereform i Oslo. Reforma skal handle om dei grunnleggjande tinga som dessverre oftast sviktar i tilbodet til eldre i dag: aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp og samanheng i tenestene. Det er òg viktig at eldre har fridom til å velje den tenesta som er best for dei.

### Aktivitet, måltidsglede og fellesskap

Det er stadig fleire eldre som kjenner seg einsame. Oslo kommunes eigne brukarundersøkingar viser at dei som bur på sjukeheim, ønskjer større breidd i tilbodet av aktivitetar, og at mange saknar aktivitetar som er tilpassa den enkelte.

Høgre ønskjer å mobilisere mot einsemd og for auka aktivitet og fellesskap, både for eldre som bur heime, og for dei som bur på sjukeheim. Når vi førebyggjer einsemd, aukar aktiviteten og sjansane til opplevelingar og sosiale relasjonar, førebyggjer vi òg fysiske og psykiske helseplager.

Mat er grunnleggjande for trivsel og for helsa. Det sosiale ved å ete saman med andre er viktig, men variasjon i tilbodet og kvaliteten på maten har òg mykje å seie. For mange som bur på sjukeheim, er måltida dagens høgdepunkt og ein viktig sosial møteplass.

Det er dessverre altfor mange eldre som lid av under- og feilernæring, både på sjukeheimar og i heimetenesta i Oslo. I tillegg til at maten som blir levert eller servert, er ernæringsmessig riktig, er det viktig med systematisk kartlegging av ernæringstilstanden for å kunne identifisere, overvake, observere og setje i verk tiltak for dei som har ernæringsutfordringar. Riktig kosthald kan òg redusere unødvendig medisinbruk og gi eldre meir energi og betre helse.

Oslo Høgre vil

- at eldre på sjukeheim skal få tilbod om minst éin time aktivitet dagleg med bakgrunn i eigne interesser, ønske og behov
- samarbeide med organisasjonar, sosiale entreprenørar og frivillige som arbeider med å redusere einsemd blant eldre
- at alle eldre som er i faresona for ernæringsproblem, blir kartlagde. Oslo skal ha eigne konkrete kvalitetsmål for ernæring og ein felles prosedyre for å følgje opp ernæringsstatusen til eldre i kommunen. Maten som blir servert, skal ha god kvalitet
- etablere fleire prosjekt som «måltidsvenn» og leggje til rette for sosiale restaurantbesøk, slik at heimebuande eldre kan ete måltida saman med andre i lokalmiljøet
- sikre eit godt tilbod av eldre- og seniorsenter i bydelane, gjerne i samarbeid med frivilligsentralane og frivillige organisasjonar
- leggje til rette for fleire plassar der unge og eldre kan møtast og vere i aktivitet på tvers av generasjonane, for eksempel ved å inngå samarbeid med fleire barnehagar og skular
- byggje sjukeheimar og omsorgsbustader som blir ein integrert del av lokalmiljøet, for eksempel ved å etablere opne kafear eller konsertarenaer på sjukeheimen der fleire kan delta

### Betre helsehjelp

I dag er det stadig fleire eldre med samansette og komplekse behov. Mange av dei treng tverrfagleg hjelp, over lang tid, anten heime eller på sjukeheim. Det er ei utfordring at kompetansen er for låg i delar av tenesta. Det kjem av ein for stor prosentdel ufaglærte, mange vikrar og utfordringar med å

rekryttere fagutdanna personell. I tillegg er koordineringa av tenestene for dårleg. Dette gjeld særleg for eldre som bur heime og får helse- og omsorgstenester der.

Oslo Høgre vil tenkje nytt om organiseringa av tenestene, og blant anna etablere mindre, tverrfaglege team som brukaren kjenner og er trygg på.

Det viktigaste i helse- og omsorgstenesta er dugande tilsette som kan gi god helsehjelp og omsorg. Oslo Høgre vil sikre betre etter- og vidareutdanningstilbod for dei som jobbar i tenesta, og sørge for god rekrytering og stabil bemanning. Høgare helsefagleg og medisinsk kompetanse er heilt nødvendig, både for at behandlinga og oppfølginga av den enkelte skal bli betre, og for at tenestene skal bli meir effektive. For at eldre skal oppleve trygg og god kommunikasjon, må det stillast språkkrav til dei tilsette i eldreomsorga, både på sjukeheim og i heimetenestene. Tenester av god kvalitet krev òg at det blir stilt klare krav til leiing, og fleire tilsette må få sjansen til å ta leiardutdanning.

Oslo Høgre vil

- sikre eit godt samarbeid og tydelegare roller og ansvar i pasientforløpet frå sjukehus til heimesjukepleie
- gi fleire eldre med komplekse behov tilbod i form av tverrfaglege team. Oppfølgingsteamet skal sikre at eldre som bur heime, får betre og meir koordinerte tenester, og det skal redusere risikoen for framtidig sjukehusinnlegging
- tilby eldre fysisk trening på ein systematisk og målretta måte for å sikre fysisk funksjon og førebyggje fall og kognitiv svikt
- betre tannhelsetilbodet til eldre på institusjon og blant dei som får heimehjelp
- redusere unødvendig medikamentbruk gjennom å sikre at fleire tilsette har opplæring i riktig legemiddelbruk
- legge til rette for at bebuarar som har norsk som andre- eller tredjespråk, kan ha jamleg kontakt med tilsette eller frivillige som snakkar morsmålet deira
- innføre ordninga «menn i helse» i Oslo, slik at fleire menn blir rekryterte til helse- og omsorgstenesta og medverkar til å skape ei meir mangfoldig teneste
- arbeide for å redusere prosentdelen av deltidsstillingar og sikre at eldre får færre menneske å venje seg til i helse- og omsorgstenesta, blant anna gjennom å prøve ut nye arbeids- og organisasjonsmodellar og alternative turnusordningar
- gi fleire tilsette i helse- og omsorgstenesta tilbod om etter- og vidareutdanning, og tilby fleire utdanning innan leiing
- tilby ufaglærte i sjukeheimar og heimeteneste utdanning, slik at fleire får fagkompetanse, og dermed også auke sjansane for at dei blir verande tilsette i kommunen
- tilby langturnusar i større grad i sjukeheimar og barnevernsinstitusjonar, noko som i tillegg til å vere det beste for brukarane også er ønskt av mange arbeidstakrar og vil medverke til å redusere ufrivillig deltidsarbeid
- at Oslo kommune skal inngå lærlingkontraktar i dei helserelaterte verksemndene sine for å sikre jamn rekrytering til sektoren
- stille språkkrav til tilsette i omsorgstenestene
- at tilsette i førstelinja i omsorgstenesta skal ha grunnleggjande kunnskap om utfordringar rundt seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk
- utarbeide retningslinjer og rutinar for tilsynsutvala som skal vere felles for alle bydelar

## Høve til å bu heime lenger

Mange ønskjer å bu heime i sin eigen bustad så lenge som råd. Føresetnaden er at dei, og dei pårørande, føler tryggleik for at dei får den hjelpa og dei tenestene dei treng når behovet melder seg. Brukarane av heimetenester skal ha fridom til å velje den tilbydaren som best tek hand om deira behov. Teknologi kan gjere livet heime enklare og tryggare. Ved hjelp av velferdsteknologi og medisinsk avstandsoppfølging kan eldre få betre helse, fridom og livskvalitet.

Pårørande gjer ein stor innsats, ofte over mange år. Sjølv om pårørande yter sin innsats fordi dei ønskjer det, er det ei utfordrande oppgåve for mange. Derfor er det viktig å følgje opp behova pårørande har for blant anna avlastning, medverknad og støtte.

Oslo Høgre vil

- styrke det frie brukarvalet i heimetenesta ved å informere om alternativa før det blir gjort vedtak. Private og offentlege tilbydarar av heimetenester skal konkurrere på lik linje om å gi brukarane det beste tilbodet
- sørge for at alle brukarar av heimetenester får tilbod om aktivitetstid, uavhengig av om dei har kommunale eller private tenesteytarar
- gi brukarane betre høve til å påverke kva for heimesjukepleiarar som kjem heim til dei
- ta i bruk ny velferdsteknologi, slik at eldre kan meistre eigen kvardag og eigne helseutfordringar. Eksempel på gode løysingar er digitalt natt-tilsyn, multidosedispenser, e-låsar og digital avstandsoppfølging
- tilby førebyggjande heimebesøk for å sikre at eldre kan bu heime lenger
- utvikle eit betre samarbeid mellom bydelane og lokalsjukehusa, slik at alle heimebuande eldre får god oppfølging av helseteam i bydelen
- støtte og avlaste pårørande gjennom fleksible avlastingstilbod og pårørandeskular
- prøve ut alternative avlastingstilbod, for eksempel også i helgane og på kveldstid
- utvikle nye løysingar i dialog med små og store leverandørar av velferdsteknologi og dokumentere kva for effekt velferdsteknologi har på tryggleiken og livskvaliteten til brukarane
- gi menneske med kognitiv svikt gode dagaktivitetstilbod i alle bydelar der dei får omsorg, pleie og god ernæring kvar dag
- vidareutvikle samarbeidet hjelphemiddelsentral/bydel for å få til betre oppfølging av eldre heime

## Sjukeheimar for framtida og nye, trygge buformer

For å gi fleire eldre med pleiebehov høve til å leve eit fritt og sjølvstendig liv i sin eigen heim, vil vi satse på eit større mangfold med nye og framtidsretta buformer og bufellesskap. For mange eldre kan for eksempel ein tilpassa omsorgsbustad med tryggleiksskapande teknologi vere eit betre tilbod enn sjukeheim. Derfor ønskjer vi å utvide tilboden av omsorgsbustader og nye buformer tilpassa behova til den enkelte.

Sjølv om vi legg til rette for at folk kan bu heime så lenge som mogleg, vil det blant anna fordi det blir stadig fleire eldre i tiåra framover, bli større behov for omsorgsplassar. For å sikre god kvalitet må vi både oppgradere eksisterande sjukeheimar og byggje nye.

Helsehusa spelar ei viktig rolle i å få pasientar rehabiliterete etter sjukdom eller skade og opphold på sjukehus. Rask rehabilitering og flytting tilbake til heimen er eit viktig mål for den enkelte pasienten.

Oslo Høgre vil

- utarbeide nye buformer og bufellesskap i samarbeid med private og ideelle organisasjoner
- sikre at ektepar og sambuarar får bu saman på sjukeheim dersom dei ønskjer det
- sikre at alle som søker om sjukeheimspllass, får søknaden behandla innan 14 dagar, og at ingen må stå i kø for å få tildelt plass
- auke innsatsen for å byggje fleire spesialtilpassa omsorgsbustader med bruk av smarthusteknologi og velferdsteknologi
- etablere fleire bustader for menneske med demens, med bruk av eigna teknologiske løysingar som gir dei ein sikker og trygg kvardag
- inngå samarbeid med utbyggjarar av større bustadprosjekt med det som mål å setje av ein del av bustadene i prosjektet til bustader tilpassa eldre, etter modell frå Omsorg+
- leggje til rette for at bustader for eldre og basane for heimetenester kan samlokaliseraast
- arbeide for å opprette spesialtilpassa plassar på sjukeheimar, slik at også eldre rusavhengige får eit godt tilbod
- utvikle helsehusa vidare og styrke det rehabiliteringsfaglege tilbodet
- forenkle innkjøpsordningar og leasing av velferdsteknologi for å sikre at oppdatert velferdsteknologi alltid er tilgjengeleg
- vurdere organiseringa av sjukeheimane og rehabilitering i helsehus for å sikre betre tenester tilpassa behova til brukarane

### [Omsorg ved livets slutt](#)

Palliasjon er pleie og omsorg for pasientar som har ein ulækjeleg sjukdom og ikkje lenge igjen å leve. Oslo kommune jobbar aktivt med palliasjon gjennom ei rekke tiltak og prosjekt. Likevel er inntrykket blant mange pasientar og pårørande, og blant tilsette i omsorgstenestene, at tilbodet framleis ikkje er godt nok utvikla i Oslo. For å sikre eit best mogleg tilbod må kommunen samarbeide med private og ideelle organisasjoner og sikre at alle pasientar får eit likeverdig tilbod uavhengig av kvar i byen dei bur.

Oslo Høgre vil

- etablere fleire hospice-plassar i Oslo, gjerne i privat regi
- tydeleggjere kommunens ansvar for palliativ behandling og forholdet til spesialisthelsetenesta
- vurdere å opprette eit barnepalliativt tilbod i samarbeid med Helse sør-aust
- styrke kompetansen og utvikle det palliative tilbodet vidare
- arbeide for at pasientar som ønskjer å døy heime, kan få tilbod om det

### [Valfridom i eldreomsorga gir betre tilbod](#)

Det aller viktigaste for Oslo Høgre er at dei som treng det, blir tilbydd gode tenester i byen vår. Vi seier ja til alle gode krefter som vil vere med på å skape eit betre og meir mangfoldig tilbod. For oss er pasienten og brukaren viktigare enn systemet.

Oslo kommune skal framleis tilby like tenester til alle innbyggjarane i byen, uavhengig av personleg økonomi. Oslo Høgre ønskjer at kommunen skal kjøpe tenester frå private leverandørar som eit viktig supplement til kommunens eigne tenestetilbod. Eit mangfold av leverandørar sikrar ein sunn konkurranse om å utvikle tenestene til glede for menneska i byen.

Sosiale entreprenørar er eit nytt og verdifullt tilskot til aktørane som leverer gode velferdsølysingar til befolkninga i byen. Sosiale entreprenørar er kjenneteikna av at dei er innovative og sosialt

engasjerte, men har som mål å vere økonomisk berekraftige utan å motta gåver og tilskot. Oslo Høgre ønskjer framveksten av sosiale entreprenørar velkommen.

For å sørge for gode rammevilkår for ideelle og frivillige organisasjonar som mottek tilskot, bør kommunen kunne tilby lengre forpliktande avtaler. Det vil gi både kommunen, leverandørane og ikkje minst innbyggjarane betre og meir føreseielege tenester. Den frivillige innsatsen i bydelane er svært viktig for både unge og eldre.

Oslo Høgre vil

- halde fram med å måle kvaliteten i heimetenesta og sjukeheimane, både hos private og kommunale. Måling og open informasjon om kvalitet er avgjerande for gode tenester
- sikre og utvikle kommunens innkjøpskompetanse, der konkurranse på like vilkår er ein berebjelke, og at anbod blir vekta med kvalitet, innovasjonskraft og pris
- sørge for at frivillig arbeid har gode rammevilkår

## Folkehelse, førebygging og rehabilitering

Grunnlaget for god helse skaper den enkelte sjølv. Kommunen skal likevel føre ein god folkehelsepolitikk ved å legge til rette for og hjelpe innbyggjarane til å gjere gode val og ved å støtte dei som treng hjelp. Førebygging er bra både for den enkelte og for samfunnet. Ei god helseteneste og god folkehelsepolitikk er blant dei viktigaste bidraga for å jamne ut sosiale forskjellar i byen vår.

Oslo Høgre vil legge til rette for at folk kan ta gode og sunne helse- og livsstilsval i kvardagen. Godt førebyggjande arbeid krev at vi begynner tidleg, og at vi tenkjer og handlar langsiktig. Dette gjeld for mange av kommunens aktivitetar, både blant unge og blant eldre. Rehabilitering må prioriterast høgare, slik at flest mogleg av dei som har vore alvorleg sjuke eller skadde, kjem tilbake til eigen heim og det vanlege livet sitt. Betre rehabilitering vil auke livskvaliteten for den enkelte.

Stadig fleire pasientar lever med kroniske sjukdommar, og det stiller store krav til samspel mellom sjukehus og kommunen. Kommunen må byggje opp eit meir tverrfagleg og føreseieleg tilbod til denne pasientgruppa.

Fastlegane er ein berebjelke i helsetilbodet til befolkninga. Fastlegane skal gi kontinuitet og kvalitet i den medisinske oppfølginga og vil ha ei viktig rolle også i førebyggjande helsearbeid i åra som kjem. Framleis god rekruttering til fastlegetenesta er viktig for å halde oppe tilboden.

Oslo Høgre vil

- styrke helsestasjonane og jordmordekninga i bydelane
- sikre auka ernæringskompetanse i bydelane og vidareutvikle livsstils- og kosthaldsprosjekt. Vidareutvikle frisklivssentralane og måle i kva grad prosjekta medverkar til varig endring for deltakarane
- sikre betre oppfølging av nyutskrivne pasientar med kroniske lidingar og langvarige sjukdommar
- sikre ny storbylegevakt ved Aker sjukehus og avlastningslegevakt ein annan stad i byen
- vere pådrivar for auka sjukehuskapasitet i Oslo-området

## Rus og psykisk helse

### Ei verdig rusomsorg

Oslo kommune skal ha ei verdig og human rusomsorg som ikkje har som mål å straffe brukarane, men sjå til at dei får god behandling hos kommunen og kommunens samarbeidspartnarar. Overdosedødsfalla i Oslo er for høge, spesielt etter rehabilitering eller soning. Derfor er det avgjerande at ettervernet i rusomsorga blir prioritert gjennom samarbeid med ideelle og private aktørar med kompetanse på feltet. Kommunen må også samarbeide tettare med spesialisthelsetenesta for å sikre at brukaren blir vidareført til eit trygt rusfritt miljø etter utskriving.

Oslo Høgre vil

- at Oslo kommune skal arbeide etter ein nullvisjon for overdosedødsfall
- styrke ettervernet i rusomsorga gjennom samarbeid med private, sosiale entreprenørar og ideelle aktørar, slik at fleire får høve til arbeidstrening og annan aktivitet etter avrusing, rehabilitering og soning
- tillate at det blir røykt heroin i sprøyteromma i byen
- at eigna overgangsbustader blir stilte til rådvelde for rusavhengige
- ha fleire tilpassa bustader med buoppfølging i bydelane
- at kommunen følgjer retningslinjene frå Helsedirektoratet om utdeling av brukarutstyr for å førebygge mot hepatitt C
- desentralisere lågterskeltilbod for rusavhengige, slik at dei i større grad kan få behova sine dekte i nærleiken av bustaden sin i staden for å måtte reise inn til sentrum
- utvide tilboden om individuell oppfølging (IPS) til fleire bydelar, for å sikre tilgang til arbeid og arbeidsretta aktivitetar som ein del av rehabiliteringa
- intensivere det rusførebyggjande arbeidet i skulen, blant anna ved å ha ein ruskonsulent i fleire bydelar
- søkje å tilby metodar som gjer brukarar sjølv i stand til å teste narkotika for dødeleg ureinleik

### Psykiatri og psykisk helse

Ei god psykisk helse er viktig for å ha god livskvalitet. Innsatsen må derfor setjast inn tidlegast mogleg for menneske med psykiske helseplager, og det må sikrast gode lågterskeltilbod.

Psykisk helse er framleis eit tabutema i mange heimar. Psykisk sjukdom har store kostnader for den enkelte, for pårørande og for samfunnet. Ein stor del av sjukefråværet i Noreg kjem av psykiske lidingar. Aktivisering og deltaking i samfunnet vil for mange vere den beste førebygginga av psykisk sjukdom. For Høgre er det viktig å signalisere at alle menneske kan medverke og vere ein aktiv del av fellesskapa sine og av samfunnet.

Eit godt og saumlaust samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og bydelane i Oslo er avgjerande for at psykiatrispasantar får den beste overgang frå sjukehus til bustad. Stabilitet og føreseielege omgivnader er ofte nøkkelen til ein vellykka overgang til bydelen og ein bustad.

Oslo Høgre vil

- styrke samarbeidet med frivillige og ideelle organisasjonar som jobbar for og med menneske som slit psykisk

- sørge for at bydelane har tilgang på eigna bustader, og at dei kan differensierast slik at dei passar for menneske med ulike typar lidingar. Flesteparten av bustadene bør vere knytte til personalbasar
- sørge for fleire VTA (varig tilrettelagde arbeidsplassar) i Oslo, slik at fleire får ein fot inn i arbeidslivet og aktivitet
- vidareutvikle FACT-teama i Oslo (fleksibel aktivt oppsøkjande behandling), slik at ein i større grad kan jobbe på tvers av fagmiljø for å gi eit heilskapleg tilbod til den enkelte
- tilby lågterskelttilbod som depresjonsmeistringskurs og gruppetrening til vaksne med moderate psykiske plager

## Ung helse

Ein trygg oppvekst er med på å skape ei god og robust fysisk og psykisk helse. Det er viktig å fange opp barn og unge som slit, på eit tidleg tidspunkt. Barn og unge med helseproblem er ei sårbar gruppe, og helsetilbodet må derfor tilpassast denne brukargruppa.

Lågterskelttilbod innanfor psykisk helse for barn og unge førebyggjer fråfall i skulen og reduserer faren for rusmisbruk, angst, depresjon og sjølvord. Tidleg behandling, kombinert med betre oppfølging av dei som er i risikogruppa, er avgjerande for å førebygge psykiske lidingar og sjølvord. Oslo Høgre ønskjer ein nullvisjon når det gjeld sjølvord.

Oslo Høgre vil

- satse på lågterskelttilbod som Ung Arena og Rask psykisk helsehjelp, slik at fleire unge får hjelp når dei treng det
- styrkje den tverrfaglege satsinga på fleire helsejukepleiarar og andre yrkesgrupper i skulen, i AKS og på helsestasjonane
- vurdere færre og større helsestasjonar for ungdom for å sikre eit betre tilbod til unge i byen og for å styrkje fagmiljøa
- leggje til rette for helsetenester i sosiale medium basert på erfaringar med Helseista
- utvikle eit samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og psykologar i bydelane for å styrkje innsatsen for sårbare barn og unge
- rekruttere fleire mannlege helsejukepleiarar til skulehelsetenesta og helsestasjonane, basert på god erfaring med helsebrør i Frogner bydel
- sørge for at lærarar og anna skulepersonell får rettleiing i å kjenne att symptom på psykisk sjukdom, slik at dei kan varsle skulehelsetenesta tidleg ved teikn på sjølvskading eller anna urovekkjande åtferd
- at kapasiteten må aukast for at alle barn og unge som har krav på tannhelsetenester, skal få tilbod innan rimeleg tid

## Barnevernet

Barnevernet har ei svært viktig oppgåve i å sikre barns tryggleik og verne mot vald, overgrep og omsorgssvikt. Barnevernet skal vere ein ressurs og støttespelar for barna og familien deira, og kontakten mellom barnevernet og familien må byggje på gjensidig tillit. Barnevernet skal møte barn og unge med varme og omsorg og lytte til barns kunnskap om eige liv og kva dei treng. Barnevernet må få tid og høve til å arbeide langsiktig med familiene og utruste dei til å vere trygge omsorgspersonar. Oslo kommune skal ha som mål at dei tilsette i barnevernet skal spegle mangfaldet i Oslo.

Samtidig som barnevernet skal medverke til god tenesteyting gjennom innsikt og kommunikasjon, skal det enkelte barnet ha rett til same vern og tryggleik uavhengig av bustad eller bakgrunnen til foreldra. Kultur og landbakgrunn kan aldri rettferdiggjere brot på barns rettar.

Forsking har vist at barn under barnevernets omsorg gjer det dårlegare enn andre barn på skulen, og at færre gjennomfører vidaregåande skule. Samtidig veit vi at skulegang og utdanning er den beste reiskapen for å sikre ei god framtid. Ein god skule er derfor godt barnevern.

I dag er det kvar enkelt bydel som har ansvaret for barnevernstenesta. Organiseringa og finansieringa av barnevernstenester må gjennomgåast for å sikre at bydelane har dei rammene som trengst for å levere gode barnevernstenester.

Oslo Høgre vil

- styrke familiesentera og legge til rette for meir førebyggjande innsats og meir samarbeid mellom helsestasjon, helsesjukepleiarar og barnevernet
- utvikle ein betre samarbeidsstruktur for auka samhandling mellom skule, barnevernsinstitusjonar, fosterheim og barne- og ungdomspsykiatrien
- opprette eit barne- og ungdomspanel i Barnevernavdelinga for å styrke medverknaden frå barn og unge
- jobbe for å få fleire fosterheimar der sysken kan bu saman
- styrke barnevernets kompetanse på kulturforståing, slik at barnevernet kan samarbeide betre med foreldre og skule/barnehage om målretta tiltak i heimen
- sørge for at tilsette i barnevernet får tilbod om etterutdanning som sikrar at alle tilsette har nødvendig kompetanse til å møte mangfaldet blant barn og føresette på ein god, tillitvekkjande og rettferdig måte
- utvikle nye modellar for å busetje einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktingar, for eksempel ved at ungdommane bur i ein vanleg heim med faste omsorgspersonar
- evaluere og utvikle SaLTo-samarbeidet mellom politiet, kommunen og barnevernet
- styrke samarbeidet mellom barnevernvakta, barnevernstenestene og politiet om tiltak og hjelp til mindreårige i rusmiljøet
- betre kommunens samarbeid med familievernet for å hjelpe foreldre som er fråtekne omsorga
- sjå til at barnevernsbarn får nødvendige skuletilbod også når dei er plasserte utanfor Oslo

### Personar med nedsett funksjonsevne

Det er eit mål at menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne leve eit mest mogleg sjølvstendig og aktivt liv, og at offentlege rom og bygningar skal gjerast tilgjengelege for alle.

Familiar med barn med nedsett funksjonsevne møter særskilde utfordringar og må sikrast heilskapleg og koordinert hjelp og tilrettelegging. Barna må få oppfølging og eit godt rehabiliteringstilbod, slik at dei kan leve eit godt liv og styrke sjansane sine til å ta utdanning og delta i arbeids- og samfunnslivet. Høgre ønskjer at alle familiarar sjølv skal få høve til å velje kven som skal utføre hjelpa, anten det er ein ideell, privat eller offentleg aktør.

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) er ei ordning som skal sikre brukarane eit sjølvstendig liv og høve til å delta i samfunnet. Brukaren tilset sjølv assistentane sine og skal sjølv avgjere kva tida skal brukast til. Assistentane reduserer behovet for andre hjelpetiltak, og gir brukarane tilpassa hjelp som aukar livskvaliteten i og utanfor heimen. Bydelane i Oslo behandlar søknader om BPA svært ulikt, og dette må rettast opp. Oslo Høgre meiner at BPA-ordninga ikkje berre er eit helse- og sosialtilbod, men skal sikre inkludering og hindre utanforskap òg.

Oslo Høgre vil

- prioritere familiar med barn og unge med funksjonsnedsetjingar ved å sikre dei godt tilrettelagde, heilskaplege og koordinerte tenester. Barn og unge med funksjonsnedsetjingar må sikrast oppfølging, og foreldra skal få tilbod om avlastning
- innføre rett til brukarstyrt avlastning, slik at familiar sjølv kan velje kven som skal gi avlastning, anten det er ein privat, ideell eller offentleg aktør
- halde på det frie brukarvalet i BPA-ordninga
- sikre likebehandling av BPA-søknader på tvers av bydelane
- samarbeide med pårørande, private og Husbanken for å skaffe varige tilrettelagde bustader til menneske med funksjonsnedsetjingar
- la Oslo kommune gå føre som eksempel når det gjeld å tilsetje folk med funksjonsnedsetjingar eller som har hòl i CV-en
- ha ekstra oppfølging av funksjonshemma med innvandrarbakgrunn med tanke på at dei ofte blir stigmatiserte i eigne miljø

## 4. Betre kollektivtrafikk og miljøvennleg byutvikling

For Høgre er det sjølv sagt at vi skal levere kloden og byen vidare til barna og barnebarna våre i minst like god stand som då vi overtok han. Sidan klimaendringane er ein trussel mot samfunnet, har vi plikt til å gripe inn. Vi må endre for å bevare. Det vi oppnår lokalt, blir avgjerande for om vi når dei nasjonale og globale klimamåla. Det grøne skiftet startar i vår eigen by. I kommuneplanane vil vi ta utgangspunkt i FNs berekraftsmål.

Vi ønskjer alle å bu i eit triveleg bumiljø med rein luft og eit grønt preg. Vi ønskjer å reise mellom heim, jobb, skule og fritidsaktivitetar på ein rask og miljøvennleg måte. Samferdsel, miljø og byutvikling skal gå hand i hand, og politikken må ta omsyn til alle menneske som bur, jobbar eller ferdast i byen vår. Vi ønskjer god trafikktryggleik og framkommelege vegar for alle trafikantgrupper samtidig som vi må sikre omsynet til gode bumiljø, folks helse og klimaet.

### Kollektivtrafikk og vegutbygging

Oslo må ha eit transportsystem som er tilpassa behova til innbyggjarane, anten ein treng å reise med bil eller sykkel, kollektivt eller til fots. Kollektivtransporten er det viktigaste verkemiddelet for eit betre bymiljø og for reduserte klimagassutslepp. Oslo er ein by i vekst, og det skaper nye transportbehov. Høgre vil at veksten i persontrafikken skal skje med kollektivtransport, sykkel og gonge.

Bilkøyring og annan transport som går på fossilt drivstoff, er den største kjelda til klimagassutslepp i Oslo. Bilkøyring står òg for ein stor del av den lokale luftforureininga, særleg på kalde dagar om vinteren. Oslo Høgre vil halde fram med å stimulere overgangen til nullutsleppskøyring. For å redusere den daglege bilbruken må kommunen tilby gode, effektive og presise kollektivtenester. Når transportsystemet for framtida skal utformast, må dei forskjellige transportformene sjåast i samanheng. Vi ønskjer å leggje til rette for at det skal bli enkelt å velje miljøvennlege alternativ gjennom bruk av positive insentiv.

Samtidig er det viktig både for næringslivet og for innbyggjarane at byen vår ikkje blir stengd heilt for biltrafikk. Det må framleis vere mogleg å nytte bil i Oslo for dei som treng det. Oslo Høgre vil leggje til

rette for at innbyggjarane, næringslivet og gjester i byen får løyst transportbehova sine på ein framtidsretta og miljø- og klimavennleg måte.

Teknologien på transportområdet opnar mange nye perspektiv. Høgre vil ta i bruk denne teknologien for å etablere nye betalingsløysingar som gir gode incentiv til å velje klimavennlege løysingar. GPS-basert teknologi gjer det mogleg å redusere uønskt gjennomgangstrafikk og skjerme nødvendig lokal køyring.

For å bygge ut veg- og kollektivnettet vil Oslo Høgre

- byggje Fornebubanen, starte arbeidet med ny T-banetunell, Ahusbanen og eit samband mellom T-banelinjene i Groruddalen
- byggje ny T-banetunell som aukar kapasiteten mellom aust og vest, og arbeide for at denne tunellen inkluderer sentrale område som øvre Grünerløkka, Sagene, Ullevål sjukehus og Bislett
- byggje Volvat-svingen som koplar Fornebubanen direkte på Ringen og slik gjere det mogleg å reise direkte mellom Skøyen, Blindern og Ringen
- byggje Ensjøsvingen som koplar T-banan frå Bergkrystallen, Mortensrud og Ellingsrudåsen på Ringen og slik gjere det mogleg å reise direkte frå Tveita, Manglerud, Oppsal og Ringen
- byggje Røatunellen, lokk over E6 ved Furuset og lokk over E18 ved Filipstad, starte arbeidet med E6 Oslo aust (Manglerudtunellen) og ein tunell mellom riksveg 4 og Østre Aker veg som reduserer trafikkbelastringa langs riksveg 4
- arbeide for ei langsiktig løysing der E18 i Bestumkilen blir lagd i miljøtunell for å redusere lokal støy og luftforureining, og leggje til rette for nye bustadområde med tilgang til sjøen
- støtte opp om moderniseringa av E18/Vestkorridoren i Asker og Bærum med miljøtunellar og eigne buss- og sykkeltrasear, greie ut korleis tilsvarande løysingar kan etablerast i Oslo for eksempel langs Bestumkilen
- prioritere nye elbussruter med eigne trasear i staden for å byggje nye trasear for trikk
- erstatte nattrikk med elbussar på støyutsette linjer
- utvide bussnettet for å gjere det lettare å reise kollektivt på tvers av T-banelinjene i ytre bydelar

For å betre kollektivtilbodet vil Oslo Høgre

- gjennomføre modernisering av til T-bane-signalanlegget for å auke kapasiteten i T-banesystemet
- opprette bussterminalar ved kollektivknutepunkt for å redusere talet på regionbussar som kører inn til sentrum
- gjere vegane meir framkommelege for bussane, for eksempel ved fleire eigne trasear og høgare prioritering i lyskryss
- leggje til rette for innovasjon i kollektivtrafikken, for eksempel sjølvkøyrande bussar
- utvikle eit billettsystem som skaper incentiv til å reise meir kollektivt
- at Ruters bussar i byen skal vere fossilfrie innan 2020. Dagens fossile bussar og ferjer skal erstattast med elektriske bussar og andre nullutsleppsbussar. Oslo Høgre ønskjer også at det same kravet skal stillast til regionbussane
- gjere det lettare å kjøpe billett hos Ruter, slik at turistar, tilreisande og innbyggjarar utan smarttelefon enkelt kan kjøpe billettar
- ikkje lenger stille krav om at det skal vere mogleg å kjøpe billett om bord på buss og trikk

For å sikre meir miljøvennleg transport vil Oslo Høgre

- at persontransporten innanfor Ring 3 i størst mogleg grad skal vere fossilfri innan 2025
- ta initiativ til ein heilskapleg plan for god dekning av innfartsparkering ved kollektivknutepunkt i Oslo-området

- gi fordelar for lågutsleppsvaretransport, for eksempel gjennom reduserte satsar i bomringen eller eigne vareleveringslommer
- etablere betre støtteordningar frå Klima- og energifondet til ladeinfrastruktur for bedrifter og yrkessjåførar
- inngå avtale med private om å bygge ut og drifta 5000 nye lade- og hurtigladestasjonar for elbil, blant anna i tilknyting til gateparkeringsplassar
- ha infrastruktur for lading på alle parkeringsplassar ved bygging av nye parkeringsanlegg
- styrke støtta til burettslag og sameige som ønskjer å leggje til rette for ladeinfrastruktur i eksisterande parkeringsanlegg
- sørge for at bomengesystemet i større grad enn i dag skal premiere tungtransport med lage utslepp
- innføre krav om nullutsleppsstandard for alle nye drosjer innan 2022

Oslo Høgre vil ta i bruk ny teknologi på transportområdet for å betre transporten i Oslo, og vil

- setje i verk satellittbasert vegprising så raskt som mogleg i Oslo, under føresetnad av at personvernet blir sikra
- justere betalinga i vegprisinga etter utsleppa frå det enkelte køyretøyet
- justere kostnaden for å køyre etter graden av luftforureining
- etablere løysingar som kombinerer incentiva i vegprisinga og i kollektivtrafikken, slik at det lønner seg å velje meir miljøvennlege transportløysingar
- ta i bruk ITS (intelligente transportsystem) for å gi betre tryggleik og utnytte transportkapasiteten meir effektivt

For å leggje til rette for mobilitet for familiar og næringsdrivande vil Oslo Høgre

- greie ut om det er mogleg å unngå uforholdsmessig høge kostnader til bompasseringar, for eksempel ved å fastsetje eit maksimalbeløp per månad
- utarbeide ei parkeringsnorm for indre og ytre by som sikrar tilstrekkeleg med parkeringsplassar for bilar i nye prosjekt. Det er eit mål å få bebuarparkering bort frå gateplan til parkeringskjellarar
- gjere forsøk med gradvis, føreseieleg og insentivbasert innføring av nullutsleppssoner rundt utvalde stader i indre by, der det på sikt berre blir lagt til rette for parkering med nullutsleppskøyretøy
- leggje til rette for å etablere underjordiske anlegg med parkeringsplassar og ladepunkt med prioritet for brukarar av elbilar og elsyklar og delebilordninga i sentrumsbydelane
- gjere det mogleg å køyre bil mellom ulike stader i sentrum, men vise mest mogleg trafikk til hovudvegsystemet. Det er eit mål å redusere biltrafikken i sentrum
- leggje til rette for fleire bildelingsplassar på gateplan og stille krav om at nye burettslag og sameige set av parkeringsplassar til bildelingsordningar
- sørge for at gebyra for bebuarparkering berre skal dekkje kostnadene ved ordninga. Fjerne retten til gratis framandparkering for elbilar der det er bebuarparkering. Bilar som blir disponerte av fleire familiar, kan få rett til bebuarparkering fleire stader. Ansvaret for bebuarparkeringa skal framleis ligge hos bydelane
- sørge for at bebuarparkeringa følgjer bebuaren og ikkje bilen, og sørge for at bebuuarar som ikkje har eigen bil, skal kunne parkere leige- eller delebil
- ved fjerning av gateparkering sikre tilstrekkeleg mange erstatningsplassar for rørslehemma. Det totale talet på HC-plassar i byen skal aukast i takt med behovet
- leggje til rette for P-plassar for motorsyklistar i indre by. Nokre av desse P-plassane bør ha ladepunkt

- gjere det enklare å parkere på kommunale parkeringsplassar ved å redusere avgiftene og tidsrommet for innkrevjing i heile byen
- sikre tilstrekkeleg parkeringskapasitet for gjestande når det blir utvikla nye sjukeheimar og kultur- og næringsbygg
- sikre godt tilgjenge med bil til sjukeheimar, eldresenter og legevakt og stader å parkere
- legge betre til rette for at næringsdrivande med varetransportbehov kan parkere i nærliken av verksemda si
- sikre at det er mogleg å parkere i sentrumsbydelane for vareleveransar og handverkar- og servicetenester
- legge til rette for døgnparkering av tungtransport utanfor bustadområde

### Sykkelbyen Oslo

Sykkelen er eit av dei mest miljøvennlege transportmidla i byen. Når fleire syklar, blir det betre for folkehelsa, miljøet og kapasiteten i kollektivtrafikken. Vi vil byggje eit nettverk av sykkeltrasear inn mot sentrum og sørge for at syklistar trygt kan dele bygatene med gåande, bussar og bilar. Vi vil òg legge til rette for fleire parkeringsplassar for sykkel, slik at det blir enklare for fleire å velje sykkel. Samtidig er det viktig å jobbe for å fremme ein betre sykkelkultur for å sikre at både syklistar og fotgjengarar er trygge og opplever å ferdast på ein sikker måte.

### Oslo Høgre vil

- byggje ut eit samanhengande heilårsnettverk av sykkeltrasear inn mot sentrum
- legge til rette for mest mogleg åtskilde sykkelvegar
- byggje sykkelhotell der ein trygt kan parkere sykkelen ved alle store kollektivknutepunkt, blant anna Ryen, Grorud, Storo og Skøyen
- utarbeide ei parkeringsnorm som sikrar tilstrekkeleg parkeringskapasitet for syklar i nye prosjekt både for elsyklar, lastesyklar og vanlege syklar
- auke talet på bisyklar og bisykkelstativ i eksisterande og nye område, auke tilgjenge der bruken er størst, og sørge for at ordninga kan brukast av alle over 16 år
- etablere ei bisykkelordning med elbisyklar
- merkje opp eksisterande og nye gang- og sykkelstiar med eigne felt for gåande og syklande
- redusere fartsgrensa til 30 km/t utanom hovudvegane i indre by og bustadområde i ytre by, slik at bilar og syklistar trygt kan dele gatene

### Trygg ferdsel for fotgjengarar

Å flytte seg til fots er den absolutt mest miljøvennlege og helsebringande transportmåten. Det må leggjast til rette for betre og tryggare forhold for fotgjengarar over heile byen vår, både om sommaren og om vinteren.

### Oslo Høgre vil

- etablere fleire gågater og miljøgater i sentrum, inkludert ei samanhengande miljøgate frå Kvadraturen via Markveien og til Sannergata, etter modell av Torggata
- forbetre vintervedlikehaldet av fortaua og gangvegane i Oslo. Det må brøytast og strøast for å sikre tryggleiken for fotgjengarar og gjere det attraktivt å gå
- skape tryggleikssoner rundt skular med usikker skuleveg
- sørge for at fotgjengarar i større eller særleg farlege kryss får grønt signal i alle retningar samtidig
- sørge for mindre is på veg og fortau ved fortrinnsvis å børste vegane framfor å moke

## Ein aktiv klima- og miljøpolitikk

### Lokale utslepp

Oslo skal vere verdas mest miljø- og klimavennlege storby, og byen vår er vald til å vere Europas miljøhovudstad i 2019. Det er eit resultat av langsiktige og medvitne miljøprioriteringar i kommunen gjennom mange år. Oslo Høgre vil gjere det attraktivt og enkelt å gjere gode miljøval i kvardagen. Det er eit mål at Oslo innan 2030 skal redusere klimagassutsleppa med 95 prosent frå 1990-nivået. For å nå dette målet er det mange tiltak som kan gjennomførast på lokalt nivå, både av kommunen sjølv og av privatpersonar og næringsliv.

Oslo Høgre vil

- at alle anleggslassar i Oslo skal bli fossilfrie innan 2025 og på sikt utsleppsfree. Prioritere byggjesakssøknader frå entreprenørar som garanterer fossilfri eller utsleppsfree byggeplass
- sikre at det blir brukt nullutsleppsferjer i ferjetrafikken i Indre Oslofjord
- sørge for at alle kommunale køyretøy er utsleppsfree
- stille krav om at ferjer i rutetrafikk skal nytte landstraum ved kai i Oslo innan utgangen av 2020, og arbeide for at alle skip som kjem til Oslo hamn, nyttar lågutsleppsteknologi ved kai og ved inn- og utseiling
- miljødifferensiere hamneavgifta for alle skip som kjem til Oslo hamn
- etablere landstraum for cruiseskip på aktuelle liggeplassar og stille krav om at skipa skal bruke dei
- at alle nye kommunale bygg skal ha pluss- eller null-husstandard
- auke bruken av solcellepanel på kommunale tak og fasadar
- oppheve tilknytingsplikta for fjernvarme dersom det blir dokumentert bruk av meir miljøvennlege alternativ
- styrke Oslos klima- og energifond
- bruke Oslo kommunes store innkjøpsmakt meir aktivt til å fremme miljøvennlege løysningar gjennom å styrke innkjøpskompetansen og stille tydelegare miljø- og klimakrav ved kommunens anbodsinnbydingar

### Avfallshandtering

Det skal vere lett å gjere miljøvennlege val i kvardagen. Då må det gjerast endå enklare enn i dag å kjeldesortere avfallet, både i private hushald og i private og kommunale verksemder.

I dag finst det mange nyskapande og klimavennlege måtar å handtere avfall på, og teknologien på feltet er i stadig utvikling. Derfor er det viktig å sikre at alle gode krefter kan medverke med effektive og miljøvennlege løysingar for å handtere avfallet i Oslo.

Oslo Høgre vil

- gjennomføre fangst og lagring av karbongassar frå Klemetsrud, i samarbeid med staten og industrielle aktørar
- gjere kjeldesortering i offentleg verksemrd og næringsverksemrd obligatorisk, og be staten om å kjeldesortere i statlege verksemder i Oslo
- prøve ut ei eiga ordning med returpunkt for glas og metall i hushald, sameige og burettslag
- redusere avfallsgebyr til sameige og burettslag som installerer nedgravne og lukka avfallsbehaldarar
- supplere søppelbøttene i gater og parkar med små returpunkt for glas, plast, papir og tomflasker, og auke kapasiteten deira

- nytte teknologiske løysingar for å effektivisere renovasjonen, for eksempel for å vise når søppeldunkar er fulle
- stille krav til redusert matsvinn i kommunale verksemder, med mål om å redusere matsvinnet med 50 prosent innan 2030

## Rein byluft

Oslo skal ha ei rein luft som alle kan puste inn utan å få helseproblem. Det må setjast i verk fleire tiltak for å redusere førekomensten av svevestøv, nitrogenoksid og annan lokal luftforureining. Det må også setjast inn særskilde tiltak på dagar med høg luftforureining, slik at allergikarar, barn og eldre kan ferdast utandørs heile året.

Oslo Høgre vil

- jobbe for alternative trasear for å leie gjennomgangstrafikk utanom Oslo
- at det på dagar med svært høg luftforureining og ekstra høge bomtakstar skal vere gratis å velje kollektivtransport
- stimulere til at meir av tungtransporten på riksvegane gjennom Oslo blir fossilfri, blant anna ved auka prisdifferensiering i bomringen
- forbetra dagens miljøfartsgrenser slik at dei varierer etter varsla luftforureining i staden for etter kalenderen
- auke frekvensen av vegvasking gjennom heile året
- ha meir effektiv innkrevjing av piggdekkgebyret i bomringen gjennom automatiske registreringssystem
- undersøkje om det er mogleg med betre reinsing av lufta frå utsleppstårn frå tunellar i Oslo
- auke dei kommunale tilskota til å skifte ut gamle vedomnar. Krevje at alle vedomnar innanfor Ring 3 må vere reintbrennande innan 2030

## Miljø og biologisk mangfold

Oslo Høgre vil ta vare på det varierte naturmangfaldet vi har i byen vår, og vi skal forvalte byens biologiske mangfold på ein berekraftig måte. Byens grøne preg skal bevarast, også for kommande generasjonar. Oslofjorden er rik på biologisk mangfold. For Høgre er det viktig at det langsiktige arbeidet som har gitt ein rein og livskraftig Oslofjord, held fram. Høgre vil derfor styrke innsatsen for å redusere plastforureininga av havet.

Oslo Høgre vil

- etablere eit treplantingsprogram med vekt på indre by for å styrke Oslos grøne preg
- prioritere arbeid for å kartleggje og bevare biologisk mangfold i Oslo og Oslofjorden
- halde fram arbeidet med å opne bekker og elvar i Oslo
- sikre allemannsretten i strandsona
- styrke innsatsen mot plastforureining og arbeide for fjerning av plastavfall ved sjøen
- stille krav om at kommunens verksemder byter ut eingongsplast med nedbrytbare, miljøvennlege alternativ der desse finst
- ta høgd for eit klima med aukande nedbørsmengder gjennom større krav til løysingar for overvassproblematikk, for eksempel fordrøyingsbasseng og fleire grøne tak
- sikre beredskap og relevante tiltak for å handtere konsekvensar av hetebølgjer og langvarig tørke
- verne pollinerande insekt og ta vare på gode økosystem i byrommet, blant anna gjennom insekthotell
- legge til rette for parsellhagar, skulehagar og urbant landbruk og ta vare på kolonihagane
- arbeide for betre støyskjerming langs riksvegane og jernbanelinjene

- halde fram arbeidet med å fjerne miljøgifter frå grunnen i gamle industritomter
- redusere bruken av plastgranulat og redusere avrenninga av granulat frå kunstgrasbaner blant anna gjennom oppsamlingsrister
- ta vare på kulturlandskapa som Oslo kommune eig, ved å leige ut til beitemark, setje i stand og leige ut eller selje hus i tilknyting til desse områda

## Blågrøne Oslo

Parkane, fjorden, elvane og Marka er rekreasjonsområde som er viktige for byen vår. For å verne dei viktigaste områda må vi sikre at dei er i aktiv bruk. Marka er flittig brukt av mange. Fjordbyen har gjort sjøen tilgjengeleg for innbyggjarane, og hamnepromenaden er blitt eit populært område for store og små. Det er òg viktig å leggje til rette for bruk av sjøen for båtfolket. Oslo Høgre vil at fleire skal få tilgang til fjorden, blant anna ved å etablere fleire båtplassar.

### Oslo Høgre vil

- halde på markagrensa
- gjenopne Akerselva frå Vaterland til Oslo S for å ta tilbake Akerselva som ferdselsåre for småbåtar, samtidig etablere grøntdrag langs elva og slik knytte Akerselva saman med Fjordbyen
- leggje til rette for gode samband frå Kvadraturen ned til fjorden
- utarbeide ein plan for å styrke vernet av Østensjøvannet og omgivnadene rundt det
- gå i dialog med eigaren av Galleri Oslo for å frigjere og byutvikle eit større parkområde når busstasjonen blir flytta. Målsetjinga er å rive Galleri Oslo og dagens rampe (Nylandsbrua) og å utvide Vaterlandsparken
- leggje lokk over Majorstua T-banestasjon og byggje bustader og grøntareal med sikte på å knyte saman Frognerparken med Friggfeltet
- kartlegge kvar det kan etablerast fleire nye parkar i sentrum, utvikle parkane som gode møteplassar for ulike aldersgrupper, med aktiv tilrettelegging for ungdom
- etablere eigne område for lufting av hundar i dei største parkane
- vidareutvikle eit godt grønt nettverk av turstiar og gangstiar frå fjorden til Marka, og forbetre turskiltinga
- innføre friluftsportar, avgrensa aktivitetsområde ved inngangen til Marka som inviterer til trening og aktivitet på Markas premissar
- vidareutvikle gode turvegar langs Oslos sjøside
- etablere eit nytt sjøbad på Filipstad, etablere ny marina og gjestehamn når Filipstad blir bygd ut
- byggje anlegg for tømming av sanitæranlegg frå fritidsbåtar i Oslofjorden
- i samarbeid med båtforeiningane etablere fleire båtplassar, også for vinterlagring, leggje betre til rette for å setje ut fritidsbåtar
- stimulere til overgang til elektrifisering av fritidsbåtar, for eksempel ved å støtte ladestasjonar i småbåthammene
- etablere kunstige øyar i Oslofjorden for å leggje til rette for fleire badeplassar og småbåtplassar
- leggje til rette for å opprette fleire nye båtsamband i Oslofjorden
- etablere fleire ferjebryggjer ved badestrendene
- oppgradere strandene med stupetårn, badebryggjer og liknande
- sikre fleire tur- og friluftsområde langs Alnaelva og førebyggje forureinande utslepp
- arbeide for at fleire av strandene i byen skal tilfredsstille dei internasjonale miljøkrava for Blått flagg-sertifisering

## Framtidsretta byutvikling og trivelege bumiljø

Oslo har gjennom mange år utvikla seg til å bli ein av Europas mest klima- og miljøvennlege byar å bu i. Ein grøn og familievennleg by er avgjerande for at framtidige generasjonar skal ønskje å bu og trivast i Oslo. Oslo er ein mangfaldig og urban by der det skal vere lett for folk å arbeide, handle og bu miljøvennleg. Byutviklinga må legge til rette for ein meir miljøvennleg by som er meir energieffektiv, og der behovet for bilbruk blir redusert.

For at sentrum skal vere ein attraktiv stad å bu og ferdast i, må innbyggjarane ha god tilgang til parkar og møteplassar. Sjølv om Oslo har mange parkområde, er det med stigande innbyggjartal særleg viktig å ta vare på dei grøne lungene og etablere nye. For å skape meir liv i parkane vil vi saman med lokalbefolkinga og næringslivet finne felles løysingar som kan bringe nytt liv i nærområde, utan å ta bort det grøne. Vi ønskjer ein moderne og grøn by med fleire tak- og nabologshagar. Det er viktig at innbyggjarane opplever ein levande by der dei kan delta i gode sosiale møteplassar i sentrum, parkar og grøntområde.

Oslo Høgre vil

- legge bustader, arbeidsplassar og skular nær større kollektivtilbod
- at Oslo hovudsakleg skal vekse frå sentrum og utover langs T-banenettet gjennom knutepunktfortetting, og at det skal tillatast å byggje tett og høgt nær sentrale kollektivknutepunkt
- sørge for at fjordbyvisjonen blir fullført med nye kulturbygg og bustader også på Filipstad og Vippetangen
- omregulere Ormsund frå (buffersone for) hamneformål til allmennytige formål og byutvikling
- finne ei ny løysing for cruisekai og snuhamnsterminal, slik at dagens cruisekai på Akershusstranda kan frigjerast til andre formål, for eksempel næring, kulturtilbod og gjestehamn
- byutvikle og fortette området rundt Oslo S, under dette vurdere å byggje over sporområda
- arbeide for at Politihøgskolen blir verande i Oslo, for eksempel i Groruddalen eller Søndre Nordstrand
- utvikle eit nytt kunnskaps- og mediesenter i Groruddalen der blant andre NRK kan flytte inn
- krevje klima- og miljøvennlege løysingar i nye byggjeprosjekt
- sikre betre grøne løysingar for uteareal i bustadprosjekt gjennom eit meir fleksibelt regelverk
- legge til rette for auka bruk av takhagar i større bustadprosjekt
- setje av areal til offentlege, tilgjengelege parkområde ved alle større områdeutbyggingar
- legge til rette enkelte parkar for aktiv bruk også om vinteren
- vurdere lågare grunneigarbidrag til infrastruktur frå utbyggjarar som prioriterer marknadssvake område
- samarbeide med nabokommunane og -regionane om areal til bustadbygging, effektiv kollektivtrafikk og betre vegar

## Gode lokale bumiljø

Oslo Høgre vil ha ei byutvikling som tek vare på Oslos historiske sær preg med både tett by og småhusbusetnad. Det skal vere mogleg å flytte frå leilegheit til rekkjehus eller einebustad utan å måtte forlate byen når behova endrar seg. Vi vil ta vare på dei gode lokale bumiljøa og legge til rette for at det skal vere mogleg å bu i Oslo i alle livets fasar. Nye prosjekt og utvikling av nye bustadområde må gjennomførast med kvalitet og respekt for Oslos grøne sær preg og varierte bustadbisetnad.

Oslo Høgre vil

- halde på eksisterande småhusområde og ta vare på god strøksidentitet, ikkje tillate at veletablerte småhusområde blir bygde ned og erstatta med blokkbusetnad
- stramme inn på føresegne i småhusplanen ved å redusere utnyttinga per tomt, slik at desse områda bevarer særpreget og bumiljøet sitt
- sikre eit betre bumiljø med fleire småhus og rekkjehus i utviklinga av Hovinbyen
- sørge for at Gjersrud–Stensrud kan utviklast som eit bustadområde med småhus og lågblokker
- sikre at blokkområda i Oslo held på grønt- og rekreasjonsområda sine
- starte arbeidet med ein ny disposisjonsplan for Sørkedalen for å sikre ei levande bygd, men innanfor dei naturgitte avgrensingane der
- utarbeide ein overordna plan for samferdselstiltak i Groruddalen som sikrar prioritering av og samanheng mellom samferdselsprosjekta, og som legg til rette for trivelege bumiljø og byutvikling
- prioritere Groruddalen i Oslos byutvikling med variert bustadstruktur, fleire småhus og tilrettelegging for nye arbeidsplassar og handel
- vidareføre områdesatsingar i Groruddalen, Oslo indre øst og Oslo sør
- forsterke områdeløftet på Hovseter
- forbetra eksisterande bustadområde og utvikle nye ved å byggje lokk over E6 på Furuset og ein tunell mellom riksveg 4 og Østre Aker veg, byggje lokk over E18 ved Filipstad, byggje Røatunellen og halde oppe framdrifta på E6 Oslo aust (Manglerudtunellen)
- arbeide for å etablere ny Breivoll stasjon og stasjonsby
- leggje til rette for etablering av fleire arbeidsplassar og levande byrom på Holmlia og Hauketo
- halde fram fjordbysatsinga ved å utvikle Skøyen til eit område med arbeidsplassar, gode bumiljø og god tilgang til sjøen
- ta vare det gode miljøet for beboarar og næringsliv i Skovveien ved å halde på dagens trikketasé i Inkognitogata

## **Ein by for alle**

I utviklinga av byen vår må vi leggje til rette for at Oslo har ei mangfoldig befolkning. Oslo Høgre er uroleg for at fleire småbarnsfamiliar flyttar ut av Oslo, og vil jobbe for at det skal vere mogleg for både studentar, småbarnsfamiliar, einslege og eldre å bu i byen. Oslo skal vere ein god og inkluderande by for alle som bur her i ulike livsfasar.

Det er viktig at alle som bur i nærmiljøet, er kjende med konsekvensane av eit byutviklingsprosjekt. Då er det grunnleggjande å ha gode demokratiske medverknadsprosessar for dei som blir påverka av utviklinga. Vi ønskjer å inkludere innbyggjarane på ein endå betre måte når byggjeprosjekt skal avgjerast.

## **Oslo Høgre vil**

- utvikle fleire familiebustader i familievennlege omgivnader i Oslos randsone der det er naturleg, og i dialog med utbyggjarar
- sikre at fleire kan eige eigen bustad, med ulike former for finansiering av bustader, blant anna gjennom leige-til-eige-ordninga
- endre leilegheitsnorma for å leggje til rette for å byggje fleire mindre leilegheiter
- greie ut bustadmodellar der ein del av bustadene reserverast for førstegongskjøparar
- vere positiv til ulike typar bustader og buformer som er tilpassa ulike livsfasar, familieformer og bustadbehov, for eksempel skilsmissebustader, omsorgsbustader og kollektiv
- etablere kombinasjonsprosjekt med omsorgsbustader og studenthybler, slik at det blir skapt fleire felles arenaer for unge og eldre
- sikre universell utforming i all ny infrastruktur for å betre tilværet for menneske med nedsett funksjonsevne

- sikre at nye prosjekt blir tilpassa eksisterande bumiljø
- sikre innbyggjarane reell og god medverknad i byutviklingssaker. Gangen i byggjesakene skal gjerast meir tilgjengeleg og forståeleg. Innføre bruk av 3D-modellar ved større byggjesaker, slik at publikum betre kan setje seg inn i det aktuelle byggjeforslaget, inkludert god informasjon om sol- og skuggeforhold
- greie ut sterkare og tidlegare demokratisk medverknad i reguleringsplanar, der tidleg dialog mellom Plan- og bygningsetaten og bydelsutvala inngår
- effektivisere saksbehandlinga i Plan- og bygningsetaten

## Levande bysentrum

Eit godt byliv blir skapt av menneska som bruker byen. Dei urbane kvalitetane gjer Oslo til ein attraktiv stad å bu og Oslo sentrum til ein god møtestad for innbyggjarar og gjestande. Eit levande sentrum krev fleire bustader, opne møteplassar, gode kulturtildelningar og variert handel.

Oslo Høgre vil

- prioritere byggjesaker i Plan- og bygningsetaten som gir fleire bustader i sentrum
- arbeide for ei plassering av terminalen til Kiel-ferja som opnar for betre byutvikling på Filipstad. Etablere fleire bustader i Vika og kople saman Vika og Filipstad
- leggje til rette for mange bustader i Kvadraturen
- leggje til rette for nye bustadprosjekt mellom eksisterande bygg og på toppen av eksisterande bygg
- opne opp gardsrom i sentrum for å skape nye byrom og gjennomgangsårer
- ruste opp byromma i Kvadraturen og oppgradere byinventaret
- som utgangspunkt i nye reguleringssaker leggje inn publikumsretta aktivitetar i første etasje av sentrumsbygninga
- etablere fleire benker og sitjegrupper på torg og møteplassar i byen
- utvikle eit parkområde på Tullinløkka, og vurdere kulvert under bakken som kan gi samanhengande park med universitetshagen til UiO
- leggje til rette for å etablere leike- og møteplassar for barn og ungdom, gjerne i samband med parkar og grøntområde
- sørge for at etablering av permanente terrorsikringstiltak i parkar og gater viser respekt for omgivnadene og oppfyller estetiske krav
- arbeide for eit godt tilpassa regjeringskvartal på Hammersborg

## Historiske Oslo

Oslo har ei unik historie med mange verdifulle historiske bygningar som det er viktig å ta vare på. Oslo Høgre ønskjer å gjere gamle og historiske bygningar tilgjengelege for fleire av innbyggjarane i byen og opne opp for at dei kan brukast på nye måtar. Det er viktig at kommunen samarbeider godt med private i utviklinga av kulturbrygg i sentrum. Oslo Høgre er glad for at Nationaltheatret ønskjer å overta Munchmuseet på Tøyen og utvikle det til ei teaterscene.

Oslo Høgre vil

- utvikle mellomalderbyen som område og knyte han saman med Ekebergåsen og Fjordbyen, slik at området blir ein tilgjengeleg møteplass og eit heilskapleg byrom. Det er ei målsetjing å gjenskape torget ved å flytte bussrutene vekk frå det og gjenoppføre delar av eit mellomaldersk bymiljø ved vasspegelen. Lokomotivverkstaden i Middelalderparken må leggjast til rette for eksempel som kunstnarverkstad og formidlingslokale

- rehabiliter og skape ny funksjonalitet til Oslos historiske bygg og områder, og vurdere opprusting, lyssetjing, sikring og nye funksjonar som styrkjer områda og gjer dei meir attraktive. Dette bør gjerast i samarbeid med næringsliv og lokale aktørar
- selje gamle Deichmanske hovudbibliotek
- vitalisere bymiljøet i Kvadraturen ved at Samtidsmuseets gamle bygning på Bankplassen blir opna for publikumsretta aktivitet
- utvikle Botsfengselet med særleg vekt på tilgang for allmenta
- støtte opp om Klimahuset ved Botanisk hage
- vidareføre Nasjonalgalleriet som museum
- styrke vedlikehaldet av kyrkjebygg og sikre viktige kulturhistoriske bygningar
- legge til rette på best mogleg måte for at regjeringsvedtaket om å bygge eit nytt vikingtidsmuseum blir raskt realisert

### Trygge og inkluderande byrom

Alle skal kjenne seg trygge i byen vår. Å skape trygge bustad- og byområde er ei av dei viktigaste oppgåvene kommunen har. Oslo Høgre meiner at tryggleiken til innbyggjarane skal vege tungt i byplanlegging og ved utforming av kommunale tenester. Sperringar og andre tiltak som blir sette i verk for å sikre at innbyggjarane er trygge, må også utformast på ein estetisk tilfredsstillande måte.

Ein trygg by føreset at politiet er der når vi treng det, og at politiet arbeider førebyggjande, særleg med barn og unge. Det er viktig å ha gode samarbeidsarenaer mellom bydelane og politiet. Ingen delar av byen skal ha lovause rom, og politiet må ha som ambisjon å etterforske all kriminalitet, også kvardagskriminalitet.

Oslo Høgre vil

- gjenetablere Oslovaktene som ei eiga eining for å skape meir tryggleik i Oslo
- styrke Natteravnene og andre frivillige som medverkar til ein tryggare by
- sørge for at personar som oppfører seg utriveleg, pågåande gateseljarar, trakasserande personar og personar som driv med sexsal, blir bortviste
- innføre forbod mot organisert tigging i Oslo
- legge til rette for at byrom som av ulike årsaker blir liggjande tomme over lengre tid, kan brukast til for eksempel leikeplassar, ballbingar og gatebasket
- legge til rette for fleire offentlege toalett
- gjøre det enklare for innbyggjarane å melde frå om manglande lyssetjing eller andre forhold som bør endrast, for å medverke til sterkare tryggleikskjensle
- jobbe for vidare auke i politistillingar i Oslo

## 5. Handel, næringsliv og turisme

Næringslivet er ein viktig del av bybiletet. Små, mellomstore og store bedrifter set eit positivt preg på byen ved å skape arbeidsplassar, handel, turisme og ein levande by. Eit mangfoldig næringsliv gir spennande opplevelingar og unike moglegheiter for innbyggjarane og dei som gjestar byen vår. Oslo skal derfor også vere hovudstad for næringslivet. Det skal gjerast ved å gi bedriftene føreseielege og gode rammevilkår, slik at det blir enkelt å drive bedrift i byen. For å legge til rette for meir handel og næring i byen må vi sjå avgifts-, nærings- og byutviklingspolitikken i samanheng.

Oslo er ein svært populær reiselivsdestinasjon, og talet på turistar til Oslo aukar år for år. Kommunen må leggje til rette for at service-, handels- og reiselivsnæringa i Oslo har så gode vilkår som mogleg. Oslo skal vere ein open og tilgjengeleg by, både for oss som bur her, og for alle som gjestar byen vår.

#### Oslo Høgre vil

- sikre ei byutvikling med gode rammevilkår for næringsdrivande som skaper verdiar for samfunnet
- leggje til rette for næringsverksemd, spesielt handel, lytte til handelsnæringa og setje i verk tiltak for å motverke nedgangen i sentrumshandelen
- spreie klyngjer av utdanningsstader og arbeidsplassar over heile byen og i tilknyting til kollektivtransporten
- innføre meir fleksible skjenkjetider over heile byen såframt det ikkje er til vesentleg sjenanse for bebruarane
- leggje til rette for at serveringsstader kan utvide uteserveringa i våre felles byrom, og leggje til rette for servering og anna eigna næringsverksemd i parkar
- tillate at sentrumsforretningar kan servere lågalkoholhaldig drikke til kundane sine
- utvide salstidene for alkohol i butikk til opningstida i butikkane
- jobbe for at Oslo skal få status som turistkommune, med høve til å ha søndagsopne butikkar
- sørge for at kommunale bygg ikkje står unytta utan konkrete planar for framtidig bruk. Det bør vurderast å selje dei til private
- arbeide for at dagens ordning med eit avgrensa tal drosjeløyve blir erstatta med ei godkjenningsordning med vandelsattest
- etablere langsiktige løysingar for turistbussar i tilknyting til store turistattraksjonar
- redusere unødvendige detaljkraav for næringsareal i nye prosjekt

## 6. Opplevingsbyen Oslo

Oslo er ein by rik på opplevelingar. Vi har eit variert handels- og restaurantliv og eit inspirerande kulturliv. Idretten og frivillige organisasjonar medverkar til aktivitetar for barn og vaksne i alle aldrar. Oslo Høgre vil jobbe for å leggje forholda til rette for at både handel, kultur, idrett og frivillige organisasjonar kan bløme og vekse.

#### Oslo som kulturby

Oslo Høgre vil leggje til rette for eit mangfaldig kunst- og kulturliv. Kulturarven er ein del av identiteten vår og skaper tilhørsle. Eit mangfaldig kunst- og kulturliv medverkar i samfunnsdebatten, kan verke som eit korrektiv og gjer livet til menneska rikare. Samtidskunsten er morgondagens kulturarv.

Kulturlivet må utviklast på eigne premissar og vere fritt. Ei av dei viktigaste oppgåvene kommunen har på kulturområdet, er å leggje til rette for at byens kulturliv får gode og føreseielege levevilkår. Oslo Høgre vil at politikarane skal vedta premissane, prioriteringane og rammene for kulturpolitikken, men at dei konkrete tildelingane skal vere grunngitt i faglege vurderingar. Kommunens støtteordningar til kulturlivet må sikre både dei små og dei store aktørane.

Oslo veks og har innbyggjarar frå mange ulike kulturar. Det er viktig å leggje til rette for dette mangfaldet også i kulturtilbodet. Oslo Høgre vil oppmuntre og gi gode rammevilkår til uavhengige kulturentreprenørar som skaper kulturopplevelingar utanfor dei faste institusjonane, og som medverkar til å styrke Oslo som ein internasjonal interessaant konsert- og kulturby.

Dei nye kulturbygga Munchmuseet, Deichmanske hovudbibliotek og Nasjonalmuseet skal vere kultur- og kunnskapsbygg der alle innbyggjarane i byen kan finne lærings og inspirasjon. Høgre ønskjer at

Oslo kommune og staten saman skal setje i gang eit marknadsføringsløft for Oslo med utgangspunkt i opninga av dei tre nye kulturinstitusjonane sommaren 2020. Målet må vere å bruke dette høvet til å løfte fram Oslo som ein leiande kulturby i Europa.

Oslo Høgre vil

- sørge for eit godt bibliotektilbod i heile byen
- sikre at det nye hovudbiblioteket i Bjørvika blir brukt til bibliotekets aktivitetar
- fullføre satsinga på meirogne bibliotek
- prioritere løyvingar til drift av det store mangfaldet av kulturaktørar og særleg legge vekt på føreseielege rammevilkår
- stimulere til auka samarbeid mellom kulturaktørar i Oslo for å styrke kvaliteten og sikre at offentlege tilskot blir brukte best mogleg, gjerne også ved at det blir løyvd fleirårig støtte til kulturinstitusjonar
- halde fram satsinga på å gjere Oslo til ein attraktiv by for produksjon og framsyning av film
- utarbeide ein plan for kulturell infrastruktur som vurderer og identifiserer behov for produksjons-, øvings- og framsyningssstader
- sikre utplassering og formidling av kommunens kunstsamling, slik at alle i byen har tilgang til kunst av høg kvalitet i kommunens bygg og i uterom i byen
- gjere det enklare for kulturaktørane å bruke byens offentlege rom
- legge til rette for koordinering av arrangement ved å lage ein arrangementsstrategi saman med næringslivet
- setje av midlar til ei ekstraordinær markering av Oslos nye kulturygg og invitere staten til å løyve eit tilsvarande beløp

## Auka kunst- og kulturtildot til barn og unge

Å gi gode tilbod til barn og unge innanfor kulturfeltet er eit viktig bidrag til leik, læring og danning. Oslo Høgre vil at alle barn og unge skal få tilbod om både å oppleve og å drive med kunst- og kulturaktivitetar.

Oslo Høgre vil

- prioritere støtte til verksemder som har kulturtildot til barn og unge
- styrke tilbod som har barn og unge som målgruppe, som Den kulturelle skulesekken og Ung Kultur Møtes (UKM)
- medverke til at kulturtildotet ved etablerte kulturinstitusjonar blir brukt meir når ein satsar på Den kulturelle skulesekken
- auke dekningsgraden for Kulturskulen og arbeide for fleire kulturstasjonar i byen
- vidareutvikle tilboden til barn og unge ved Oslo Nye Teater og legge inn tilskotet til teateret som eigen post i Oslo kommunes budsjett
- etablere minst tre nye Biblo (etter modell av Biblo på Tøyen), slik at det er Biblo både i aust, sør, nord og vest i Oslo

## Idrettsbyen

Fysisk aktivitet, anten det er gjennom organisert idrett, mosjon eller friluftsliv, er viktig for både livskvalitet og folkehelse. Oslo Høgre ønskjer at alle skal kunne delta i eller drive idrett, og at det skal vere enkelt å trenre eller oppsøkje friluftsliv. Breiddeidretten er ein føresetnad for at vi også får toppidrettsutøvarar. Store internasjonale og nasjonale meisterskapar er viktige arrangement for Oslo, og her vil vi jobbe for at næringslivet i større grad medverkar med finansiering.

**Oslo Høgre vil**

- setje av tilstrekkeleg med areal til idrettsanlegg i byplanlegginga
- leggje til rette for samarbeid med næringsliv, bustadbyggjelag og andre om bygging av idrettsanlegg, medrekna symjeanlegg, spesielt i dei delane av byen som har dårleg dekning
- prioritere anlegg for fleirbruk, blant anna på Veterinærhøgskole-tomta på Adamstua
- arbeide for at det blir etablert enklare anlegg for eigenaktivitet, som tufteparkar, gatebasket og parkouranlegg, fleire stader i byen
- sørge for eit forpliktande samarbeid mellom skulen og idrettskrinsar for å kvalitetssikre idrettstilbod til barn i skuletida og etter skuletid
- at ordninga med gratis trening for barn og ungdom i kommunale anlegg blir vidareført
- etablere ei byomfattande ordning for å dekkje kontingentar for barn og ungdom i låginntektsfamiliar, og styrke byte- og låneordningar for idrettsutstyr
- gi særskilt prosjektstøtte til idrettsklubar for barn og unge i delar av byen der det er vanskeleg å få til aktivitet på grunn av manglande ressursar
- leggje til rette for betre tilgang til kommunale idrettsanlegg for den uorganiserte delen av idretten
- auke talet på symjebasseng med sikt på at kvar skulekrins skal ha enkel tilgang i samband med symjeopplæring
- leggje til rette for utviding av Oslo Vinterpark på Tryvann og Oslo Skisenter på Grefsenkollen
- greie ut ei forbetring av kollektivtilbodet til Oslo Vinterpark
- opne for at private kan utvikle eit publikumstilbod i Tryvannstårnet
- utvide timane for lysløyper i Marka

## Frivillig arbeid

Oslo Høgre vil at det skal vere enkelt å drive frivillig arbeid. Frivillig innsats er eit svært verdifullt supplement til dei offentlege tenestene. Høgre ønskjer å støtte dei frivillige gjennom tilskot, samarbeid og tilrettelegging.

Flest mogleg må oppfordrast og få høve til å medverke til frivillig arbeid. Retningslinjer, vilkår og informasjon om offentlege støtteordningar for frivillig arbeid skal vere lett tilgjengelege og tydelege, slik at det er enkelt å søkje støtte. Rapporteringskrav må òg forenklast og tilpassast tilskotet.

**Oslo Høgre vil**

- styrke den frivillige innsatsen i heile byen og stimulere til mangfold og nyskapande initiativ. Terskelen for å organisere og å delta i frivillig arbeid skal vere låg
- leggje til rette for sambruk av kommunale bygg og frivillig aktivitet, for eksempel meir bruk av skulebygg etter skuletid, på vilkår som gjer at frivillige aktørar har høve til å nytte det
- at bydelane skal ha ansvar for å leggje til rette for frivillig verksemd, kvar i sin bydel
- at midlar til frivillig arbeid i størst mogleg grad går til konkrete og lokalt forankra tilbod
- samordne og forenkle søkeradsprosessar for tilskot til frivillig arbeid

## 7. Smart by

Globalt ser vi at byane er drivrar i den økonomiske utviklinga. Vi skal leggje til rette for nærings- og gründerverksemd i byen vår og sørge for at Oslo er eit naturleg val for bedrifter som ønskjer å etablere seg i hovudstadsregionen.

Oslo kommune skal vere innbyggjarane sin kommune. Kommunen skal tilby brukarvennlege, gode og effektive tenester som er tilpassa behova innbyggjarane har i eit stadig meir digitalisert samfunn.

Oslo Høgre er imot egedomsskatten i Oslo. Egedomsskatt på private bustader er ein usosial skatt som rammar urettferdig og uavhengig av betalingsevne. Egedomsskatt på næringseigedom er ei ekstra skatterekning til alle arbeidsplassar i byen vår.

## Digitale Oslo

Samfunnet er i stadig endring, og nye digitale og teknologiske løysingar gir oss nye måtar å leve og ferdast i byen vår på. Alt frå kollektivbillett og parkeringsavgift til kontakt med kommunen om avfallshenting eller byggjesøknader kan no enkelt gjerast gjennom digitale kanalar. Oslo kommune skal heile tida vere i front i utviklinga av den smarte byen. Nye løysingar medverkar til rimelegare, meir effektive og brukarvennlege tenester. Når kommunen digitaliserer og innfører ny teknologi, er det viktigaste at innbyggjarane får betre og meir effektive løysingar og tenester.

Oslo Høgre vil

- at det skal vere enkelt for innbyggjarane å kontakte kommunen og å finne fram i tenestetilbodet. Digital kommunikasjon med kommunen bør vere så attraktivt at innbyggjarane føretrekkjer det
- at kommunen som hovudregel skal kjøpe digitale løysingar og plattformer hos private aktørar, ikkje utvikle eigne system
- gjere stordata frå kommunen effektivt tilgjengelege for å utvikle nye tenester, produkt og forretningsmodellar der dette ikkje er i konflikt med personvernet til innbyggjarane
- gjennomføre ein digitalvask der dei ulike etatane og bydelane kjem med innspel til å forenkle regelverk og digitalisere tenester (etter modell frå innspel om forenklingar/tidstjuvar i næringslivet og offentleg sektor)
- at kommunal saksbehandling skal vere prega av rask og effektiv saksbehandling og ha fleksible opningstider. Dersom tidsfristar for saksbehandling ikkje blir haldne, skal gebyret fråfallast
- saman med næringslivet etablere stipendordningar og prisar som fremmar gründerskap
- sjå på om det er mogleg å gjere Oslo kommune til ein pilotkommune for å heilautomatisere saksbehandlinga av velferdstenester i kommunen
- støtte opp om gründerar som ønskjer å ta del i EU-program som styrker næringslivet
- arbeide for at Oslo skal vere ein attraktiv by for å etablere og investere i gründerbedrifter. Vi skal hjelpe næringsklyngjer og innovasjonsmiljø med å trekke til seg internasjonal arbeidskraft og kapital

## Kommunen som tenesteytar og oppdragsgivar

Oslo skal støtte opp om gründerar og legge til rette for eit miljø der næringsliv, forsking og utdanning møtest saman med kommunen for å løse framtidsutfordringar. Gjennom innovative offentlege innkjøp gir vi bedriftene høve til å utvikle nye løysingar, mens det offentlege og innbyggjarane får betre produkt og tenester. Kommunen skal vere open og tilgjengeleg og spele på lag med innbyggjarane. Oslo kommune skal bruke innkjøpsmakta si til å hindre at kriminelle aktørar får innpass i arbeidslivet. Oslo Høgre vil at bystyret skal greie ut kommunens organisering med sikte på å redusere talet på bydelar og vurdere kva rolle og funksjonar bydelane skal ha.

Oslo Høgre vil

- avvikle egedomsskatten så raskt som råd. For bustader skal dette skje i kommande bystyreperiode
- innføre forsøk med alternative private finansieringsordningars som eit supplement til offentleg finansiering av sosiale entreprenørar

- bruke kommunens innkjøpsmakt til å stimulere næringslivet til nytenking, klimavennlege løysingar og samarbeid. Snakke meir med aktørane i forkant av innkjøpsprosessar
- auke bruken av innovative offentlege innkjøp
- forenkle dei kommunale anbodsprosessane, styrke innkjøpskompetansen og samarbeide betre på tvers av sektorar og bydelar
- stille miljøkrav i alle kommunale anbod og innkjøp, til både produkt, tenester og transport
- selje eigedommar som ikkje blir brukte i den kommunale velferds- og tenesteproduksjonen
- ha blant landets lågaste gebyr på kommunale tenester
- innføre årlege servicetestar av bestillar- og NAV-kontora i bydelane.
- gjennomføre ei avbryåkratiserings- og effektiviseringsreform som vil gi insentiv til meir effektiv communal drift
- lage ein handlingsplan mot svart arbeid og kjempe mot arbeidslivskriminalitet gjennom å stille klare krav til Oslo kommunes leverandørar ved kommunale anskaffingar og gjennom å styrke samarbeidet mellom kommunale og statlege etatar
- gjennomføre ei bydelsreform med sikte på færre og sterke bydelar

### Kommunen som arbeidsgivar

Oslo kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der dei tilsette leverer høg kvalitet på tenester og service til innbyggjarane i Oslo. Gjennom god arbeidsgivarpolitikk og kompetansebygging skal Oslo kommune trekke til seg dugande fagfolk og talent på ulike fagområde. Alle som jobbar i Oslo kommune, skal vite at det er mogleg å gjere karriere i kommunen. Kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgivar som satsar målretta på leiarutvikling. Måla det blir styrt etter, skal vere overordna og på riktig nivå.

Oslo skal vere ein føregangskommune for inkluderande arbeidsliv. Heiltidsarbeid og faste tilsetjingar skal vere hovudregelen, og kommunen skal jobbe målretta med å redusere uønskt deltidsarbeid.

### Oslo Høgre vil

- at kommunen skal opplevast som ein god og fagleg attraktiv arbeidsplass
- gjennomgå og forenkle dei kommunale rapporteringsrutinane
- satse på leiarutvikling og fagleg interessante arbeidsoppgåver for å rekruttere og halde på gode leiarar
- setje i verk systematiske tiltak for kompetanseheving for dei tilsette
- utvikle ein god politikk for eit inkluderande arbeidsliv, slik at menneske med funksjonshemmning får gode høve til ein tilrettelagd arbeidsplass i kommunen
- legge til rette for at fleire seniorar vil ønske å stå lenger i arbeid, eksempelvis ved fleksible arbeidstidsordningar og aldersgrenseføresegner
- at fast tilsetjing skal vere hovudregelen. Kommunen skal jobbe målretta for å redusere uønskt deltid i dei sektorane der det er utbreidd
- jobbe målretta med sjukefråværet i spesielt utsette sektorar
- innføre utvida opningstider og fleksibel kjernetid for medarbeidarar i Oslo kommune
- gjennomføre ei meir berekraftig og rettferdig pensjonsreform for alle nye tilsetjingar i Oslo kommune, etter modell av den som allereie er gjennomført i Sporveien
- tilby fleire praksisplassar for å gi fleire innpass i arbeidslivet og legge til rette for at dei som er under utdanning og kvalifisering, kan kombinere det med praksisen
- satse på lærlingar i eiga verksemد og ved å stille krav ved offentlege innkjøp
- utvide bruken av anonyme søkerader til stillingar i Oslo kommune